

"Gi oss i dag ..."

Menneskerettar og menneskeverd

– ein del av det daglege brødet



Freds- og menneskerettssøndagen 2010 og 2011
2. søndag i advent

Nynorsk

Innhald:

A	Innleiing og forord	s. 3
B	Artikkel frå LVF: "Martin Luther og den universelle menneskerettserklæringa"	s. 6
C	"Message" – bodskap frå LVFs 11. generalforsamling 2010	s. 11
D	Artikkel: Papirlause innvandrarar – Noregs dalittar?	s. 22
E	Artikkel: Menneskerettar, hiv og aids	s. 25
F	Gudstenesteopplegg for MR-søndagen 2010 og 2011	s. 27
G	"Gi oss i dag vårt daglege brød." Liturgiske byggjeklossar	s. 41
H	Annan informasjon	s. 56
I	Songar	s. 58

**Den norske kyrkjas nord–sør-informasjon (KUI)
Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja**

Materialet er utgitt i 2010 med støtte frå Norad (via KUIs informasjonsløyve)

Framsídebilete:

Logo frå generalforsamlinga til kyrkjeverdsrådet i Harare, Zimbabwe, 1998



A: INNLEIING

Menneskerettane er eit viktig verdifundament som vi som kristne kan slutte oss til. Det likeverdet Gud har gitt alle menneske i skapinga, er eit godt grunnlag vi som kyrkje kan byggje på for å grunngi eit freds- og menneskerettsengasjement.

Den norske kyrkja har i mange år feira *freds- og menneskerettssøndagen 2. søndag i advent*. FNs menneskerettsdag er 10. desember, og 2. søndag i advent kjem ofte rundt denne dagen. I 2010 er det søndag 5. desember, i 2011 søndag 4. desember.

Gudsteneste- og studiemateriellet nedanfor er laga til menneskerettssøndagen i 2010 og 2011 – i gudstenester, andaktar og studiegrupper.

I 2008 utarbeidde *Det lutherske Verds forbundet (LVF)* heftet "Give Us This Day Our Human Rights" (Lutheran World Information 10/2008). Artikkelen vi tek med her om Luther og menneskerettane, er omsett frå dette heftet.

På generalforsamlinga til LVF i juli 2010 i Stuttgart var hovudtemaet "Gi oss i dag vårt daglege brød" – eit tema som vart behandla både i gudstenestene, dei daglege studiegruppene og i plenumsdrøftingar. Vi tek her med både hovudbodskapen (Message) frå generalforsamlinga og impulsar frå gudstenestelivet. Vidare legg vi ved eit par småartiklar til refleksjon om menneskerettane i høve til papirlause innvandrarar i Noreg og dei som er ramma av hiv og aids.

Arbeidsgruppa som har laga dette opplegget, er

- Gunnar Heiene, Menighetsfakultetet (delegat på LVFs generalforsamling 2010)¹
- Sindre Eide, Kyrkjerådet (medverka i gudstenestelivet på LVFs generalforsamling 2010)²
- Estrid Hessellund, Den norske kyrkjas nord-sør-informasjon (KUI) (medverka i gudstenestelivet på LVFs generalforsamling 2010).³

Omsetjinga til nynorsk er ved *Norunn Stendal Aksnes*.

Takk til *Sven Thore Kloster* (rådgivar MKR) og *Arne Grønningsæter* (delegat på LVFs generalforsamling), som begge har hjelpt til med temaartiklar.

¹ Omsetjing av "LWF Message" til norsk: Gunnar Heiene

² Utarbeiding av gudstenesteopplegget: Sindre Eide

³ Omsetjing av artikkelen "Martin Luther og den universelle menneskerettserklæringa" og liturgiske byggjeklossar frå LVFs generalforsamling: Estrid Hessellund

Takk òg til *Jenny Skumsnes Moe (delegat) og Sven Oppegaard (rådgivar* på LVFs generalforsamling), som har lese gjennom og kommentert materialet.

Har du kommentarar eller ønskjer meir informasjon, kontakt gjerne Den norske kyrkjas nord-sør-informasjon på www.kui.no, kui@kyrkja.no eller på telefon 23 08 12 00 (sentralbord) eller 23 08 12 76 (direkte).

Vi ønskjer Guds velsigning i det lokale arbeidet med freds- og menneskerettssøndagen 2010 og 2011!

Berit Hagen Agøy
generalsekretær
Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja

Estrid Hessellund
dagleg leiar, KUI
Den norske kyrkjas nord-sør-informasjon

FORORD

'Gi oss i dag vårt daglege brød'

Slik forklarte Martin Luther kva fjerde bøna i Fadervår handlar om: '*Vi ber i denne bøna at Gud vil la oss skjøne på denne gåva og ta imot vårt daglege brød med takk. Med dagleg brød meiner vi slikt som mat og klede, hus og heim, arbeid og helse, gode naboor og trufaste venner, eit godt styre, rett og fred på jorda.*'

Å vende seg til Gud i bøn er ei påminning om kvar alle gode gåver kjem frå.

Hovudtemaet på generalforsamlinga til Det lutherske verds forbundet i juli 2010 var bøna om det daglege brødet. 'Brødet' er, som Luther minner oss om, alt det som trengst for å leve eit trygt og godt liv. I vår tid må bøna vår om dagleg brød òg inkludere 'daglege menneskerettar'.

Gud skapte oss alle i sitt bilet, alle menneske har same verd, same retten til liv og til å få del i dei goda som skaparverket kan gi oss. Kyrkja har fått i oppdrag å vise Guds kjærleik i ord og gjerning, og derfor må vi alltid ta stilling når menneskeverdet blir krenkt – same kvar, når og korleis det skjer.

For kyrkja spelar det inga rolle om dei krenkte har juridisk status som gir dei formelle rettar. Vi skal minne styremaktene på deira plikt til å syte for at menneskerettane gjeld *alle*. Og vi skal følgje ekstra nøye med dei som blir gjorde usynlege. I Noreg i dag gjeld det blant anna papirlause innvandralar.

Som kristne skal vi òg vere talerør for dei mange rundt i verda som lever i statar som ikkje vernar om deira fundamentale menneskerettar. Nestekjærleiken kan aldri teie om urett.

La oss be i gudstenesta vår om at menneskerettane blir respekterte i alle land og får betre kår der undertrykkinga er verst.

Berit Hagen Agøy

B: MARTIN LUTHER OG DEN UNIVERSELLE MENNESKERETTSERKLÆRINGEN⁴

Ein kan freistast til å spørje om Martin Luther føregreip noko i retning av prinsipp for menneskerettar sidan det er så slåande parallellear mellom forklaringa hans til den fjerde bøna i Fadervår og den internasjonale menneskerettserklæringa.

Hovudinnlegget og responsane nedanfor illustrerer den nære samanhengen mellom moderne tankegang omkring rettar og den visjonen om menneskeverd som er så grunnleggjande og dyrebar i kristen tru og luthersk arv.

HOVUDINNLEGG

Timothy J. Wengert, professor ved The Lutheran Theological Seminary at Philadelphia, USA.

Ved 60-årsjubileet for den internasjonale menneskerettserklæringa (1948–2008) blir lutheranarar utfordra til å tenkje gjennom korleis dette moderne dokumentet kan relatere til vår eigen teologiske tradisjon. Nokre vil vere freista til å slå fast at perspektiva til Luther er reaksjonære, men eit nøyne augekast på eit av dei viktigaste lutherske vedkjenningsskrifta, Den store katekisma, viser eit anna bilet. Spesielt i forklaringa til den *fjerde bøna i Fadervår* viser Luther både eit varmt hjarte for dei heimlause og ei politisk kløkt til å synleggjere nokre av dei strukturelle problema i sitt eige samfunn. Naturlegvis var Luther eit barn av si tid. Likevel såg han samanhengen mellom ei god styremakt og det at folket hadde fulle magar og dei fattige fekk skikkeleg vern.

Komiteen som utarbeidde menneskerettserklæringa, hadde ein luthersk teolog i sin midte, professor Otto Friedrich Nolde, Det lutherske teologiske seminaret i Philadelphia. Derfor kan det ikkje undre lutheranarar 60 år seinare at erklæringa måtte innehalde nokre "lutherske" motiv. Luthers forståing av *ei god styremakt* som ei gavé frå Gud ville faktisk bety at denne erklæringa, vedteken og ratifisert av alle regjeringar, òg kunne seiast å kome frå "Guds venstre hand" – for å bruke eit uttrykk frå Luther – så lenge ho stadfesta Guds gode vilje for heile skaparverket.

Luther har ikkje alltid forstått den fjerde bøna som dagleg brød for kroppen. Fram til 1526, som ei følgje av mellomalderleg tenkjemåte, såg han på dagleg brød anten som det åndelege brødet i Kristus eller som den heilage nattverden. Seinare endra tolkinga hans seg. Han såg det slik at Gud hadde "to hender", den eine til å styre og halde oppe ein god orden i denne verda og den andre til å forkynne verda tilgiving ved Kristus. Dermed vart dei tre første bønene i Fadervår bøner for trua og det komande Guds rike, medan den fjerde bøna tok fram "den fattige brødkurven, – det vi trenger til næring for kroppen og livet her på jorden." (§ 72 i Den store katekisma, etter Konkordieboken).

Når det er sagt, skal det òg leggjast til at Luther ikkje var nokon demokrat. Han syntest ofte at ei slik styring var uttrykk for kaos. Men dersom vi ser bort frå dei historiske ulikskapane mellom Luthers tid og vår eiga, dukkar det opp nokre samanfall.

Bøn om dagleg brød betyr ikkje berre bøn om mat og klede (jf. 1. Tim 6,8), men òg "fred og enighet blant de mennesker vi omgås til daglig, i handel og vandel, i våre hjem og i forhold til naboer, i vårt borgerlige liv og i samfunnslivet" (§ 73 i Konkordieboken).

⁴ Artikkelen er omsett frå "LWF Information no 10/2008": Martin Luther and the Universal Declaration of Human Rights"

I innleiinga til den internasjonale menneskerettserklæringa står det at "**det å godkjenne det naturlege menneskeverdet med like og umissande rettar for alle menneske på jorda er grunnlaget for fridom, rettferd og fred i verda**". Slik knyter menneskerettane seg til dei same velsigningane som Luther finn i hjartet av den fjerde bøna.

"Derfor er det aller mest nødvendig at vi ber for dem som styrer land og rike, for det er jo gjennom dem Gud gir oss daglig brød og god orden i dette liv... Der hvor det er ufred, strid og krig, der har folk alt mistet det daglige brød" (§ 74 i Konkordieboken).

Med desse orda knyter Luther oppgåvene og ansvaret som dei sivile styremaktene har, til den grunnleggjande menneskeretten å leve i tryggleik. Den internasjonale menneskerettserklæringa oppsummerer det Luther seier i denne bøna: at styremakta har ansvar for å gi dagleg brød (spesielt artiklane 17, 22 og 23) og å sørge for retten til liv (spesielt artikkel 3: "Alle har rett til liv, fridom og personleg tryggleik").

Det sentrale for ei god styremakt, å syte for dagleg brød til borgarane sine, leier Luther vidare til at "*av denne grunn hadde det vært passende å sette et brød i enhver god fyrstes våpenskjold, i stedet for en løve eller en blomsterkrans. Det skulle minne både fyrstene og deres undersåtter om at det er ved fyrstenes styre vi kan glede oss over beskyttelse og fred, og uten dem kunne vi verken ete eller beholde det kjære brød*" (§ 75 i Konkordieboken).

I den internasjonale menneskerettserklæringa viser nesten alle artiklane til det ansvaret som styremaktene har for å sikre borgarane sine vern og fred. Det er såleis strenge forbod mot slaveri (art. 4), tortur (art. 5), vilkårleg arrest (art. 9), angrep på familie (art. 12) og diskriminering (art. 22). Erklæringa listar òg opp ei rekke rettar medrekna likskap for lova (art. 7), retten til å ferdast fritt og retten til asyl (art. 13 og 14), forsamlingsfridom (art. 20), retten til arbeide og kvile (art. 23 og 24) og retten til utdanning (art. 26) – jf. § 172 i Luthers store katekisme, dei ti boda).

Kanskje kjem det tydelegaste samanfallet mellom Luthers forklaringar til fjerde bøna og den internasjonale menneskerettserklæringa i artikkel 25: retten til ein levestandard som sikrar ei rekke nødvendige krav. På same måten inkluderer Luther *"mat, drikke, klær, hus, hjem, en sunn kropp (§ 76 i Konkordieboken), omsorg for familiemedlemmer, lykke og fremgang i arbeid mv"*. I tillegg ber han om *Gud vil la fyrster, ledere og øvrighetpersoner få visdom, kraft og lykke til å regjere på en god måte, og at undersåtter og alminnelige folk må få leve sammen i lydighet, fred og enighet"* (§ 77). På same tid veit Luther at fordi djevelen heile tida går til angrep på sjela og lekamen, har vi ikkje noko å stille opp med utan Guds vern. *"Hvilken plage er det ikke i verden med alle de falske myntene, med daglig utbytting og åger i handel og arbeid, av dem som undertrykker fattigfolk og røver det daglige brød fra dem!"* (§ 84).

Liksom den internasjonale menneskerettserklæringa fordømmer dei som misbruker desse universale rettane, truar Luther undertrykkjarane med at dei skal *"miste kirkens forbønn. Ja, de skulle vokte seg så ikke denne bønn i Fadervår vender seg imot dem"* (§ 84).

KONKLUSJON

Peter N. Prove, Det lutherske verds forbundet

Som professor Wengert har vist, gir arven frå Luther – hans teologi og dei lutherske skriftene – oss eit viktig rammeverk for å forstå kva verdi og rettar mennesket har, og for å relatere dei til den internasjonale menneskerettserklæringa, eit fundamentalt instrument for moderne rettslovgiving. Faktisk er parallelen mellom Luthers forklaring til fjerde bøna i Fadervår og rekka av menneskelege rettar i den internasjonale menneskerettserklæringa nokså slåande. Føregreip Luther på ein eller annan måte utviklinga av prinsipp for menneskerettane? Det verkar usannsynleg når ein tenkjer på hans historiske kontekst og nokre av dei haldningane han elles hadde som i dag ikkje ville bli oppfatta å vere i samsvar med menneskerettane.

Likevel tener parallellane mellom Luthers forklaringar til fjerde bøna i Fadervår og den internasjonale menneskerettserklæringa til å illustrere at menneskerettane er eit sett lovprinsipp som er utvikla for å rette seg etter den same visjonen om menneskeverd som er fundamental i vår kristne tru og i vår djupaste tradisjon og arv etter Luther.

60-årsjubileet for den internasjonale menneskerettserklæringa (2008) er eit høve ikkje berre til å friske opp att ansvaret vårt for menneskerettane, men òg – og endå meir – til å oppdage på nytt dei trusprinsippa som ligg bak ansvaret.



Mais er det viktigaste "daglege brød" i store deler av verda. Foto: LWF/DWS Mosambik/N. Ismael

RESPONS FRÅ INDIA

Martin Luther om retten til mat og om rettane til dalittane

Chandran Paul Martin, LVF

For når du ber om dagleg brød, ber du om alt som er nødvendig for å få og nyte dagleg brød, og på den andre sida: imot alt som hindrar og vil øydeleggje det.

Det er det viktigaste i Martin Luthers forklaring og tolking av fjerde bøna i Fadervår. Kort sagt: be om brød, nyt det og kjemp mot alle krefter som vil forvrenge og øydeleggje visjonen om brød til alle! Dette er radikale og viktige ord å tenkje på i samband med feiringa av den internasjonale menneskerettserklæringa.

Martin Luthers ord er såleis ei erklæring om retten til mat. Luther fremjar ei forståing ikkje berre om innhaldet i denne fundamentale retten, men òg om korleis vi skal verne om han. Han nemner samanhengar der kampen for mat er nødvendig, og der det kanskje er heilt uråd å skaffe seg dagleg brød: i splid, strid og krig. Han understrekar det ansvaret staten har ikkje berre for å verne om denne retten, men òg å setje i verk tiltak så han kan realiserast. Utfordringa hans kan summerast i dei profetiske orda: ta vare på rettane til dei fattige.

Kvar er samanhengen mellom fjerde bøna og rettane til dalittane eller mangelen på slike rettar? Trass i den internasjonale menneskerettserklæringa og dei mange lovene og reglane i den indiske konstitusjonen for å verne om rettane til dalittane, er framleis 170 millionar dalittar offer for gamle og nye eksklusjonsformer. Dei er framleis diskriminerte og marginaliserte på grunn av kastesystemet. Dei blir ikkje berre haldne borte frå offentleg utdanning og arbeidsliv, men reduserte til søppelkjørarar og tvangsarbeidrarar, og dei blir utsette for strukturert og organisert fysisk vald. Dei er framleis dei fattigaste av dei fattige i India, sosialt ekskluderte og økonomisk utnytta, og kvinnene blir ofte seksuelt misbrukte av dei dominerande kastane, som kan gjere det utan å bli straffa.

Omgrepet dagleg brød eller retten til mat for dalittane burde vere ei sak innanfor dei sosiale og økonomiske rettane: heimstadbundne arbeidrarar som manglar husvære, sanitet og helsetilbod, som får låg lønn og ikkje er kreditverdig, og der dei fleste òg er jordlause. Dei er landarbeidrarar som arbeider med matproduksjon, men ikkje er sikra eiga utkome og sunn ernæring.

Martin Luthers kampsignal kunne derfor ha vore eit kall til systemskifte for å sikre dalittane retten til mat og respekt og til å etablere mekanismar som vernar og handhevar alle grunnleggjande rettar. Ei utviding av dette prinsippet ville vere å halde regjeringa ansvarleg på nasjonalt og internasjonalt plan, ikkje som eit fritt val, men som ei ufråvikeleg plikt.

I sin konklusjon understrekar Luther godt styresett og forventar at ein må styre rett. Godt styresett burde sikre dalittane brød på bordet og at det er meir ein rett enn ei velgjerning.

Den internasjonale menneskerettserklæringa manglar ein tydeleg og vesentleg mekanisme som kan verne om og setje i ut i livet dei fundamentale rettane og gi fridom til dalittane og andre – og å sikre at alle regjeringar gjer si plikt og tek ansvar.



Meir enn 7.000 menneske, dei fleste dalittar, bur i slummen ved enden av rullebanen til den internasjonale flyplassen i New Delhi. Foto: WCC/P. Williams

KVINNEN I BØN OM VERDIG LIV OG RETTAR FOR HEILE VERDA

Nyaradzayi Gumbonzwanda, jurist og advokat for "kvinnerettar og fred med rettferd" i World YWCA (internasjonal KFUK).

Seksti år etter den internasjonale menneskerettserklæringa (2008) er det stadig mange kvinner over heile verda som er urimeleg sterkt ramma av vald og diskriminering.

Den internasjonale menneskerettserklæringa held i hevd prinsippa om menneskeverd med utsegna "alle menneske er fødde til fridom og med same menneskeverd og menneskerettar" og med påstanden om at menneskerettane gjeld alle utan omsyn til ulikskapar (også ulike kjønn!). Like fullt har denne retorikken langt frå fått gjennomslag mange stader.

Med fattigdom, svolt, analfabetisme, hiv og aids så vel som krig og konfliktar, er det framleis langt fleire kvinner og jenter enn gutter og menn som opplever at rettane deira blir krenkte. Systematisk diskriminering av jenter og kvinner i dei fattigaste landa hindrar FN i å nå målet om å redusere fattigdom, melder ein rapport (mars 2008) frå organisasjonen Action Aid.

I meir enn 155 år har det internasjonale KFUK (YWCA) lytta til kvinner som dagleg ber om rettferd, rettar, helse og livskvalitet – og handla. Måten organisasjonen har nærma seg menneskerettane på, pressar regjeringsar og andre organisasjoner i det sivile samfunnet til å ta ansvar for rettane til både kvinner, menn og born. Statane har den primære plikta, i tråd med menneskerettssystemet. Når vi no i samband med 60-årsjubileet for den internasjonale menneskerettserklæringa òg blir minte om Luthers lære, vil vi be særleg for dei sivile styremaktene, at dei må ta dei grepa som trengst for å få slutt på diskrimineringa av kvinner og jenter, at dei må sikre kvinner, menn, gutter og jenter eit trygt liv og syte for vern om rettane og respekt for menneskeverdet deira. Menneskerettane skal levast ut, nytast og oppfyllast.

C: BODSKAP FRÅ LVFs 11.GENERALFORSAMLING



Message of the Eleventh Assembly

"Give, give us, give us today, give us today our daily bread"—a thousand voices joined in this theme song at the LWF Assembly in Stuttgart. Here is our message.

1. GIVE US TODAY OUR DAILY BREAD

(1) In a time of "grabbing and keeping," we once again become aware that true humanity is found in receiving and sharing. "We love because he first loved us. Those who say, 'I love God,' and hate their brothers or sisters, are liars; for those who do not love a brother or sister whom they have seen, cannot love God whom they have not seen. The commandment we have from him is this: those who love God must love their brothers and sisters also" (1 Jn 4:19–21).

The whole of creation is a gift and not our achievement. We start off our life by receiving: breath, nourishment, life itself.

Bodskap frå LVFs 11. generalforsamling

"Gi, gi oss, gi oss i dag, gi oss i dag vårt daglege brød" – tusen stemmer var samla i denne temasongen under LVFs generalforsamling i Stuttgart. Her er vår bodskap.

1. GI OSS I DAG VÅRT DAGLEGE BRØD

(1) I ei tid prega av "å grafse til seg og ha for seg sjølv" oppdagar vi på nytt at eit sant og godt hjartelag kan ligge i det å ta imot og dele.

"Vi elskar fordi han elsker oss først. Den som seier: «Eg elskar Gud», men likevel hatar bror sin, er ein løgnar. For den som ikkje elskar bror sin, som han har sett, kan ikkje elsker Gud, som han ikkje har sett. Og dette er det bodet vi har frå han: Den som elskar Gud, må òg elsker bror sin." (1. Joh 4,19–21)

Heile skaparverket er ei gáve og ikkje oss å takke. Vi begynner livet vårt med å ta imot: pust, næring, sjølve livet.

As Christians we confess and affirm our dependence on God's grace. God sustains us, grants us talents, intelligence, ingenuity. Through Christ, God gives us salvation; sets us free. In as much as we depend on God, we also depend on others and others on us. Jesus himself set an example—not only did he give abundantly, he also received love and care in being anointed by the unnamed woman (Mk 14:3–9).

Commitments and actions

(2) Knowing that in the act of sharing both givers and receivers can be deeply transformed, we commit ourselves to foster the awareness of receiving and the blessing of giving,

- by saying grace at meal time to testify that we are dependent on God's grace and giving
- by showing gratitude to our fellow human beings for what we receive from them
- by sharing the gospel of grace with the people around us, freely passing on what we have received
- by sharing not only our material goods, but also our knowledge and know-how with others
- by caring for the environment, which we do not own, so future generations may enjoy the fruits of creation and lead wholesome lives.

Som kristne vedkjenner og stadfestar vi at vi er avhengige av Guds nåde. Gud held oss oppe og gir oss evner, intelligens og kløkt. Gjennom Kristus gir Gud oss frelsa og set oss fri. På same måten som vi er avhengige av Gud, er vi avhengige av andre og andre av oss. Jesus sjølv gir eit døme – ikkje berre gir han i overflod, han tok òg imot kjærleik og omsorg ved å bli salva av den ukjende kvinnen (Mark 14,3–9).

Plikter og handlingar

(2) Fordi vi veit at både dei som gir, og dei som tek imot, kan bli djuptgripande forandra gjennom å dele, pliktar vi å styrke merksemda rundt det å få og velsigninga ved det å gi

- ved å be bordbøn ved måltid for å vitne om at vi er avhengige av Guds nåde og gáve;
- ved å vise takksemد overfor medmenneska våre for det vi tek imot frå dei;
- ved å dele evangeliet om nåden med dei som er rundt oss, ved fritt å gi vidare det vi har teke imot;
- ved å dele ikkje berre dei materielle goda våre, men òg kunnskapen og erfaringane våre med andre;
- ved å vise omsorg for naturen, som vi ikkje eig for oss sjølv, slik at generasjonane etter oss kan nyte fruktene av skaparverket og leve eit heilt og fullverdig liv.

2. GIVE US TODAY OUR DAILY BREAD

(3) We are a community with fellow Lutherans and all Christians and, beyond that, with people of all faiths and none. Through Christ each one of us can relate directly to God, but as children of God we are bound to one another. Because of our interdependence we need to make every effort to communicate across linguistic and other barriers.

(4) We acknowledge that we face brokenness on all levels: in our Lutheran and Christian world, between different faith traditions, between humankind and the rest of creation. However, as Lutherans we testify that reconciliation is possible in Christ. This was witnessed to in the profound expression of repentance and forgiveness between Lutherans and Mennonites in this Assembly.

(5) As members of LWF, we each stand firm in our faith and heritage. With all our differences, we encourage each other to listen prayerfully to the stories and perspectives of others, seeking wisdom, theological knowledge and factual evidence to illuminate our discussions and deepen our learning as communion.

(6) Even though we long for agreement, we know that the basis of our communion is not shared opinion, but shared faith.

(7) Jesus showed us that each one—woman, man and child—is equally valuable and important before God. As a communion that rejoices in its diversity and recognizes this equal humanity,

- we acknowledge that our own policy of gender justice is only partially implemented. We need further reflection and implementation. We believe that in order to be a legitimate and credible voice for gender justice in society, the church

2. GI OSS I DAG VÅRT DAGLEGE BRØD

(3) Vi er eit fellesskap som er saman med lutheranarar og med alle kristne og – utover det – menneske med ulik tru eller inga tru. Gjennom Kristus kan kvar av oss stå i eit direkte forhold til Gud, men som Guds born er vi bundne til kvarandre. Fordi vi er avhengige av kvarandre, må vi leggje vinn på å kommunisere på tvers av språk og andre barrierar.

(4) Vi erkjenner at vi opplever splitting på alle nivå: i vår lutherske og kristne verd, mellom ulike trustradisjonar, mellom menneska og resten av skaparverket. Men som lutheranarar vitnar vi om at vi kan forsonast i Kristus. Det fekk vi eit sterkt vitnemål om i det djupe uttrykket for bot og tilgiving mellom lutheranarar og mennonittar under denne generalforsamlinga.

(5) Som medlemmer i LVF står kvar av oss fast i trua og arven vår. Sjølv om vi er svært ulike, oppmuntrar vi kvarandre til å lytte i bøn til det som andre deler med oss av forteljingar og perspektiv, til å søkje visdom, teologisk kunnskap og informasjon om det verkelege livet som kan opplyse diskusjonane våre og fordjupe oss i ei sams læring.

(6) Sjølv om vi lengtar etter å bli einige, veit vi at grunnlaget for fellesskapet vårt ikkje er felles meningar, men felles tru.

(7) Jesus viste oss at kvar av oss – kvinne, mann og barn – er like verdifulle og viktige for Gud. Som eit fellesskap som gleder seg ved forskjellane og godtek denne likskapen i det menneskelege

- vedgår vi at arbeidet vårt for rettferd mellom kjønna berre delvis er gjennomført. Vi treng meir refleksjon og implementering. Vi trur at for å kunne vere ei legitim og påliteleg stemme for kjønnsrettferd i samfunnet, må kyrkja først

must first achieve gender justice within its own structures and practices. Churches should be ahead of their time in granting women and men the opportunity to develop and use to the full their God-given gifts. Realizing gender justice changes and re-values the roles of both men and women; new roles in churches for both may shift traditional roles in society.

- we emphasize the inclusion of persons with disabilities in church and society.
- we oppose all types of human trafficking and commodification of the human body.
- we emphasize that children's needs vary: some suffer physical starvation and abuse, others spiritual starvation and neglect. Still others become victims of human trafficking or are forced to become child soldiers. Many societies fail fully to recognize children's rights and needs. When we put the rights, needs and welfare of children at the centre (Mk 9:36), we have a future much brighter than we can imagine.
- we reject the oppression of and discrimination against people for reasons of ethnicity, nationality or caste. We express our support for the Dalit communities in their hopes and aspirations for a new tomorrow.

Commitments and actions

- We ask for gender education to be included in all theological study.
- We ask all churches to recommit to gender and generational justice and inclusiveness. Box-ticking is never enough.

oppnå kjønnsrettfred innanfor eigne strukturar og eigen praksis. Kyrkjene burde vere føre si tid ved å gi kvinner og menn rom til å utvikle og bruke dei gavene Gud har gitt dei, i fullt monn. Det endrar og omvurderer både manns- og kvinneroller om vi set ut i livet rettferd mellom kjønna. Nye roller i kyrkja for begge kjønn kan vere med og endre tradisjonelle roller i samfunnet.

- legg vi vekt på å inkludere funksjonshemma i kyrkje og samfunn.
- motarbeider vi alle former for menneskeleg "trafficking" og bruk av menneskekroppen som ei vare.
- legg vi vekt på at born har ulike behov: Nokre lid under fysisk hunger og misbruk, andre under åndeleg hunger og forsøming. Endå andre blir offer for menneskeleg "trafficking" eller er tvinga til å bli barnesoldatar. Mange samfunn maktar ikkje fullt ut å godkjenne dei rettane og behova born har. Når vi set borna og deira rettar, behov og velferd i sentrum (Mark 9,36), blir framtida langt lysare enn vi kan sjå føre oss.
- forkastar vi undertrykking og diskriminering av menneske på grunn av etnisitet, nasjonalitet eller kaste. Vi uttrykkjer støtte til dalitt-fellesskapa og deira håp og forventning om ein ny morgondag.

Plikter og handlingar

- Vi ber om at opplæring om kjønn blir inkludert i alle teologiske studiar.
- Vi ber på nytt alle kyrkjer om å forplikte seg på å vise rettferd og inkludering same kva kjønn og alder tilseier. Det er ikkje nok å "krysse av" at ein har gjort det.

- We ask the LWF and all member churches to facilitate exchanges for the sake of more widespread positive exposure to women in lay and ordained leadership.
- We refer to the resolution on human trafficking and relevant actions called for by this assembly.
- We endorse the message from the youth pre-assembly on the topic of sex education.
- We call for LWF and all member churches to make the rights and welfare of children a priority for future theology and action.
- We commit ourselves to continuing the dialogue with the Mennonites and the LWF and its member churches.
- Vi ber LVF og alle medlemskyrkjene om å leggje til rette for utveksling med tanke på at kvinner i større omfang kan bli synlege som leke og ordinerte leiarar på ein positiv måte.
- Vi viser til resolusjonen om "human trafficking" og relevante handlingar som denne forsamlinga har peika på.
- Vi formidlar vidare bodskapen frå ungdommens "pre-assembly" om temaet seksuell utdanning.
- Vi kallar LVF og alle medlemskyrkjene til å prioritere borna og deira rettar og velferd i framtidig teologi og handling.
- Vi forpliktar oss sjølv til å halde fram med dialogane mellom mennonittane og LVF og LVFs medlemskyrkjer.

3. GIVE US TODAY OUR DAILY BREAD

(8) "The creation waits with eager longing for the revealing of the children of God" (Rom 8:19).

When people are transformed by the gospel, creation breathes a sigh of relief, and communities flourish. Where the gospel takes root, creation benefits.

(9) We highlighted several issues that are of burning relevance today, as they have been for several yesterdays:

- Food justice: Recognizing adequate and nutritious food as essential to life, we are painfully aware that while large portions of the world population are impoverished and hungry, in other instances forty

3. GI OSS I DAG VÅRT DAGLEGE BRØD

(8) "Det skapte lengtar inderleg etter at Guds born skal openberrast i herlegdom." (Rom 8,19)

Når menneske blir omskapte gjennom evangeliet, går det eit sukk av lette gjennom skaparverket, og fellesskapa blomstrar. Der evangeliet slår rot, kjem det skaparverket til gode.

(9) Vi lyftar fram mange spørsmål som er svært relevante i dag, slik dei har vore det mange gonger tidlegare:

- Rettferd som gjeld mat: Vi seier oss samde i at rett og nærande mat er vesentleg for å leve, og derfor er vi smerteleg klar over at medan store delar av alle menneska i verda er fattige og svoltne, blir i andre

percent of food gets thrown away uneaten. This denies the fact that food is precious. The answer is not to fill empty bowls with cheap charity, but rather with the costly pursuit of justice for the sake of this and future generations. Direct support of the hungry and marginalized has to be combined with development and education. Our work has to empower people to fend for their own rights and live in dignity.

- Climate change: We are aware that the window of opportunity for the reduction of greenhouse gas is shrinking. We realize that those who are most to blame often feel the least affected. As one consequence of this global crisis, some indigenous people are at risk of losing their ancestral land and culture.
- HIV and AIDS: We recognize that the body of Christ is infected and affected; the church is both part of the problem and part of the solution. The churches' silence or ill-advised recommendations have contributed to the ongoing spread of the pandemic. At the same time, churches are instrumental in providing information and education that result in effective prevention.
- We recognize that in today's world migration and issues connected with it are increasingly posing a challenge to social cohesion and political systems.

(10) We acknowledge the large amount of work that has been done in some of these areas. We anticipate a time when we no longer need to speak about such issues each day.

- Food justice: We refer to the resolutions and actions of this Assembly.
 - As we are only beginning to understand the extent of the issue, our

samanhangar først prosent av maten kasta utan at nokon har hatt nytte av han. Det underkjenner det faktumet at mat er dyrebar. Svaret er ikkje å fylle tomme skåler med billig velgjerdssarbeid, men heller med den kostbare kampen for rettferd til beste for denne og komande generasjonar. Direkte støtte til dei som svelt, og til dei marginaliserte må kombinerast med utvikling og utdanning. Arbeidet vårt må gjere menneske i stand til å kjempe for eigne rettar og eit verdig liv.

- Klimaendringar: Vi er klar over at utsiktene til å kunne redusere drivhusgassane blir stadig mindre. Vi ser at dei som kan klandrast mest, ofte kjenner seg minst ramma. Ein av konsekvensane av denne globale krisa er at nokre urfolk risikerer å misse det landet og den kulturen dei har arva.
- Hiv og aids: Vi erkjenner at Kristi lekam er infisert og ramma. Kyrkja er ein del både av problemet og av løysinga. Det at kyrkjene har vore tause eller har gitt ukloke råd, har gjort sitt til den spreiainga av pandemien vi er vitne til i dag. På same tid er kyrkjene viktige reiskapar til å gi informasjon og utdanning som fører til effektiv prevensjon.
- Vi erkjenner at i dag er migrasjon og spørsmål som heng saman med det, i aukande grad ei utfordring i samfunnssamanhangar og politiske system.

(10) Vi påskjørnar det store arbeidet som har vore gjort på nokre av desse områda, og ser fram til at vi ikkje lenger treng å snakke om slike spørsmål kvar dag.

- Rettferd som gjeld mat: Vi viser til resolusjonane og handlingane frå denne forsamlinga.
 - Fordi vi enno forstår berre litt av omfanget av spørsmålet, bør første

- first priority should be to educate ourselves about the dynamics of food production and distribution in a globalized world.
- We ask the member churches to be actively involved in diaconal work with those suffering from food injustice and support the work of the LWF Department for World Service.
 - Climate change: We refer to the resolutions and actions of this Assembly.
 - HIV and AIDS: The rate of infection continues to exceed the rate of increased access to treatment. Hence the following actions are all of paramount importance.
 - Churches are asked to maintain the awareness of the disease, counteracting stigma and marginalization and ensuring the inclusion in church and society of those infected.
 - Prevention, treatment and care must be given equal priority. We call on all churches to consider how best to act on prevention of HIV transmission in their specific contexts.
 - Political commitment to achieve universal access to treatment is waning. We call on all governments to fulfill the promises they have made in this regard. This will enable people with HIV to live full and productive lives for the benefit of society.
 - The churches are invited to pursue their commitment to welcoming migrants who have emigrated for political, economic or climatic reasons.
- prioritet vere å skaffe oss meir kunnskap om dynamikken i produksjonen og distribusjonen av mat i ei globalisert verd.
- Vi ber medlemskyrkjene involvere seg aktivt i diakonalt arbeid for dei som er ramma av urettferd når det gjeld mat, og om å støtte arbeidet i LVFs avdeling av World Service.
 - Klimaendring: Vi viser til resolusjonane og handlingane frå denne forsamlinga.
 - Hiv og aids: Talet på smitta aukar framleis meir enn tilgangen på behandling. Derfor er handlingane som er nemnde nedanfor, svært viktige:
 - Kyrkjene blir bedne om framleis å vere merksame på sjukdommen, motverke stigmatisering og marginalisering og syte for å inkludere dei som er smitta, i kyrkja og samfunnet.
 - Førebygging, behandling og omsorg må få same prioritet. Vi kallar alle kyrkjene til å tenkje gjennom korleis dei best kan handle for å førebyggje overføring av hiv i sin spesielle kontekst.
 - Det politiske engasjementet for å skaffe universell tilgang på behandling har vorte mindre. Vi kallar alle regjeringsar til å halde lovnadene sine i denne saka. Då kan menneske med hiv få eit fullverdig og produktivt liv til beste for samfunnet.
 - Kyrkjene blir inviterte til å vidareføre engasjementet med å ønske velkommen innvandrarar som har utvandra av politiske, økonomiske eller klimatiske årsaker.

4. GIVE US TODAY OUR **DAILY** BREAD

(11) The world we live in is God's ongoing creation of which we as creatures are a part. For our living, we rely on basic gifts that we cannot produce such as the atmosphere, fertile soil and clear water. We are creative creatures, capable of developing skills and inventing technology to improve our lives as well as to jeopardize them.

(12) Jesus says, "I have come that you might have life in abundance" (Jn 10:10). As Christians we are called to be good stewards of God's creation and to share its gifts equitably. However, we have been polluting, exploiting and destroying God's creation, therefore decreasing biodiversity and causing the basic necessities of life to deteriorate.

(13) We are acutely aware of the environmental, social and economic unsustainability of many current patterns of behavior and practices in our global village. Our context today fails to provide a balance between these three pillars of sustainability. The ongoing global financial and economic crisis has shown us serious concerns regarding the unconstrained accumulation of wealth of the few at the expense of the many.

(14) Illegitimate debts, incurred by unscrupulous lenders and borrowers, have plunged countries into deep financial crises, which are a major cause of hardship in affected societies.

(15) Greed is a sin that contributes to current unsustainable practices and systems, and therefore must be confronted. It also fuels the injustice between rich and poor; between developed and developing countries and communities. We as Christians and churches repent of our complicity in this greed-driven culture.

4. GI OSS I DAG VÅRT **DAGLEGE** BRØD

(11) Den verda vi lever i, er framleis Guds skaparverk, som vi er ein del av. For å kunne leve er vi avhengige av grunnleggjande gåver som vi ikkje sjølv kan lage, slike som atmosfæren, fruktbar jord og reint vatn. Vi er oppfinnsame skapningar i stand til å utvikle evner og finne opp teknologiar som kan gjere livet vårt betre, men òg føre til at livet blir trua.

(12) Jesus seier: "Eg er komen for at de skal ha liv og overflod." (Joh 10,10) Som kristne er vi kalla til å vere gode forvaltarar av Guds skaparverk og til å dele gåvene i skaparverket likt. Men vi har ureina, utbytta og øydelagt Guds skaparverk, slik at det biologiske mangfaldet er mindre, og det har vorte mindre av alt som er grunnleggjande livsnødvendig.

(13) Vi er svært merksame på den manglande berekrafta på område som gjeld miljø, økonomi og sosiale tilhøve i mange av vår tids åtferdsmönster og praksistar i den globale landsbyen vår. Konteksten vår i dag maktar ikkje å balansere mellom desse tre søylene for berekraft. Den globale finansielle og økonomiske krisa vi har i dag, har vist oss alvoret i at svært store verdiar hopar seg opp hos eit fåtal på kostnad av dei mange.

(14) Illegitim gjeld som er komen i stand gjennom lånarar og låntakarar som ikkje eig skruplar, har ført land inn i ei djup finansiell krise. Det er ei avgjerande årsak til at fleire samfunn har fått det vanskeleg.

(15) Det å vere grådig er ei synd som er med på å gjere praksisen og systema i dag lite berekraftige, og som vi derfor må utfordre. Denne synda fremjar òg urettferda mellom rike og fattige og mellom dei landa og samfunna som er utvikla, og dei som er under utvikling. Som kristne og kyrkjer gjer vi bot for at vi er med på denne grådigkulturen.

Commitments and actions

(16) Through our repentance and the forgiveness promised to us by God, as well as our daily rebirth in our baptism, we are strengthened to work for the renewal and rebirth of creation. Therefore we commit to promoting alternatives to prevailing economic systems so that God's gifts may be distributed in a more sustainable and just manner. In accordance with the resolutions of the LWF assembly we call on LWF and all member churches to give attention to concrete actions such as:

- consistent ethical investment policy and practice
- purchasing policy that is responsible ecologically and socially
- carbon dioxide neutral event management
- ecologically sound means of transportation
- sustainable practice in the ownership and use of land and buildings
- good and transparent governance
- sustainable management practices.

(17) Furthermore we call upon the LWF and its member churches to

- advocate for the cancellation of illegitimate debts
- promote sustainable development
- raise awareness on environmental issues.

(18) We look to a future where all share in the daily bread.

Plikter og handlingar

(16) Ved å gjere bot, ta i mot den tilgivinga Gud har lova oss, og kvar dag bli etterfødde i dåpen blir vi styrkte til å arbeide for å fornye og byggje opp att skaparverket. Derfor forpliktar vi oss til å fremje alternativ til dei rådande økonomiske systema, slik at Guds gåver kan fordelast på ein meir berekraftig og rettferdig måte. I samsvar med resolusjonane frå LVFs generalforsamling oppmodar vi LVF og alle medlemskyrkjene til å rette merksemda mot konkrete handlingar som:

- konsekvent haldning og praksis når det gjeld etiske investeringar
- ein innkjøpspolitikk som er ansvarleg både økologisk og med omsyn til samfunnet
- arrangement som er CO2-nøytrale
- økologisk sunne transportmiddel
- berekraftig praksis i eigarskap og bruk av jord og bygningar
- godt og transparent leiarskap
- berekraftige forretningsverksemder

(17) Vidare oppmodar vi LVF og medlemskyrkjene til å

- ta til orde for å slette illegitim gjeld
- fremje berekraftig utvikling
- skape meir medvit om miljøspørsmål

(18) Vi ventar på ei framtid der vi alle har del i det daglege brødet.

5. GIVE US TODAY OUR DAILY **BREAD**

(19) Give us today our daily bread. “*What does this mean?*... Daily bread includes everything that has to do with the support and needs of the body, such as food, drink, clothing, shoes, house, home, land, animals, money, goods, a devout husband or wife, devout children, devout workers, devout and faithful rulers, good government, good weather, peace, health, self control, good reputation, good friends, faithful neighbors, and the like” (Luther’s *Small Catechism*).

(20) The sacramental sharing of bread and wine obliges us to care for the daily bread of our societies (1 Corinthians 11:17-34). As a communion of small and large churches, we recognize that we fulfill the obligation of feeding the world physically and spiritually in various ways, for instance through preaching the gospel, education and capacity building, social and political diakonia, advocacy, and effective communication

(21) In an increasingly multicultural world, the need for dialogue and working together (diapraxis) grows more urgent daily. The fruits that are harvested from ecumenical and interfaith dialogue and diapraxis depend on the depth of knowledge and immersion in our own tradition. Being well grounded in our faith tradition enables us to be open, receptive, and hospitable to others.

(22) We acknowledge that the climate crisis and issues of sustainability make dialogue and diapraxis between people of different faith traditions essential and may provide an impulse towards greater mutual understanding. This comes to expression in common advocacy and action.

(23) We expect the LWF and its member churches to speak up loudly and prophetically.

5. GI OSS I DAG VÅRT DAGLEGE **BRØD**

(19) Gi oss i dag vårt daglege brød. ”*Kva betyr det?*... Dagleg brød er alt som har med kroppsleg støtte og behov å gjere, slikt som mat, drikke, klede, sko, hus, heim, land, dyr, pengar, gods, ein god ektefelle, gode born, gode arbeidrarar, gode og trufaste leiarar, eit godt styre, godt ver, fred, helse, sjølvkontroll, godt rykte, gode venner, trufaste naboar, og liknande” (etter *Luthers Vesle Katekisme*).

(20) Den sakramentale delinga av brød og vin forpliktar oss til å ha omsorg for det daglege brødet i samfunnet vårt (1. Kor 11,17-34). Som eit fellesskap av store og små kyrkjer erkjenner vi at vi innfrir plikta til å gi verda fysisk og åndeleg føde på ulike måtar, til dømes ved å forkynne evangeliet, gi utdanning og byggje opp evner, ved diakoni, ved å reise oss for dei som treng eit talerør, og ved effektiv kommunikasjon.

(21) I ei verd som blir meir og meir fleirkulturell, blir behovet for dialog og samarbeid (diapraxis) meir påtrengjande for kvar dag. Dei fruktene som blir hausta gjennom dialog og diapraxis, både økumenisk og på tvers av tru og religion, er avhengige av kor godt vi kjenner og har trengt inn i vår eigen tradisjon. Å vere godt rotfest i eigen trutradisjon gjer oss i stand til å vere opne, mottakelege og gjestfrie mot andre.

(22) Vi erkjenner at klimakrisa og spørsmål om berekraft gjer det viktig med dialog og diapraxis mellom menneske frå ulike trutradisjonar, og at det kan gi ein impuls i retning av større gjensidig forståing. Det viser seg i felles åtferd og handling.

(23) Vi forventar at LVF og medlemskyrkjene taler høgt og profetisk.

(24) Going out with this message, trusting the Triune God, we proclaim:

*As we face rising waters, hunger, and displacement,
God suffers with us.
As we mourn the distress and wounds of God's creation,
God weeps with us.
As we struggle for justice,
God struggles with us.
As we expose and challenge climate injustice,
God empowers us.*

*As we are troubled by divisions in and between our churches,
God challenges us to become what we already are in our baptism.
As we, in the light of the gospel, discover the reforming power of diversity and tension,
God inspires us to repentance, reconciliation, and renewal.
As we dare to face the challenges of giving and receiving, of sharing,
God creates God's people into newness.*

(24) Når vi i tillit til den treeinige Gud går ut med denne bodskapen, proklamerer vi:

*Vi står ansikt til ansikt med eit hav som stig,
med svolt og flykningstraumar,
men Gud lid med oss!
Vi erkjenner med sorg at skaparverket sukkar
og pinest,
og Gud græt med oss!
Vi kjempar for rettferd,
og Gud kjempar saman med oss.
Vi blir avkledde og utfordra av den uretten
som rammar klimaet,
men Gud utrustar oss.⁵*

*Vi strevar med splitting i og mellom kyrkjene våre.
Gud utfordrar oss til å vere det vi allereie er i dåpen.
I lys av evangeliet oppdagar vi den forvandlande krafta i mangfaldet vårt.
Gud oppmuntrar og driv oss til anger, forsoning og fornying.
Vi ser tydeleg utfordringane ved å gi, ta imot og dele.
Gud skaper fornying i sitt folk.*

⁵ Frå "God, Creation and Climate Change", p.129. George Zachariah, India, 2009.

D: PAPIRLAUSE INNVANDRARAR – NOREGS DALITTAR?⁶

Sven Thore Kloster (rådgivar i Mellomkyrkjeleg råd).

Noreg har fått ei papirlaus underklasse av menneske som har levtt i landet i opptil 17 år utan rettar og ofte under svært kummerlege tilhøve. Dei har verken menneskerettar, rettstryggleik eller vern. Dei lever midt iblant oss, vaskar kontora våre og serverer oss på restaurantar, men vi overser dei og reknar ikkje med dei. Har vi fått våre eigne dalittar?

Kven er dei?

Papirlause innvandrarar er ei svært samansett gruppe, men det som samlar dei, er at dei er innvandrarar som lever ulovleg i Noreg. Det handlar som regel om menneske som har fått avslag på søknaden om opphold, og som av ulike årsaker ikkje har returnert til heimlandet sitt. Nokre har ikkje forlate Noreg fordi dei fryktar forfølging i heimlandet sitt, andre fordi det er praktisk umogeleg (dei har ikkje identitetspapir, eller heimlandet deira nektar å ta imot dei), og attre andre fordi dei håpar på eit betre liv i Noreg.

Dei fleste papirlause i Noreg kjem frå dei urolegaste områda i verda, der situasjonen er svært usikker. Det handlar om land som er eller nyleg har vore i krigsliknande tilstandar/borgarkrig, og land der menneskerettane i svært lita grad blir respekterte. Døme på slike land er Iran, Etiopia, Eritrea, Irak, Sri Lanka, Afghanistan, Somalia, Den demokratiske republikken Kongo og Tsjetsjenia i tillegg til palestinarar frå ulike område. Desse landa er dei same som utlendingseininga hos politiet opplyser er dei vanskelegaste å tvangreturnere asylsøkjarar til fordi landa i stor grad nektar å ta imot dei.

Reint juridisk bur dei papirlause innvandrarane ulovleg i Noreg. Derfor er det vanskeleg å vite kor mange dei er. Etter det Utlendingsdirektoratet har kome fram til, bur det om lag 18 000 papirlause her. Av desse reknar ein med at mellom 1500–3000 har vore ulovleg i landet i meir enn 5 år, nokre så lenge som opp til 17 år.

Korleis lever dei?

Levekåra til papirlause varierer svært mykje. Det som er likt for alle, er at dei har få grunnleggjande rettar i det norske samfunnet. Dei har til dømes ikkje rett på helsetilbod anna enn det som er heilt akutt. Dei får ikkje arbeidsløyve, har ingen rettstryggleik og ikkje noko vern av staten eller storsamfunnet. I staden er dei avhengige av vern frå andre menneske, noko som i mange tilfelle fører til grov utnytting, særleg på arbeidsmarknaden, bustadmarknaden eller seksuelt.

Nokre papirlause har levtt i asylmottak i årevis, somme i over ti år. Nokre har etablert eit meir eller mindre sjølvstendig liv med eigen hybel og livbergar seg på eit nokså kurant nivå, som regel ved hjelp av svart arbeid. Andre overlever gjennom grov utnytting på arbeidsmarknaden med ei lønn ned til 20

⁶ **Dalitt** er nemninga på dei om lag 167 millionar menneska som i det indiske kastesystemet er stempla som «ureine», «kastelause», eller som menneske ein ikkje kan ta på. *Dalittar* betyr «dei undertrykte».

Identiteten som dalitt i det indiske samfunnet og kampen for eit verdig liv og grunnleggjande rettar er forma av den tusenårige historia til dalittane med audmjuking, undertrykking og eksklusjon. Dalittane har ikkje same retten til utdanning og helsetenester, dei blir diskriminerte i sosiale og religiøse samanhengar og ekskluderte frå store delar av arbeidslivet.

kroner timen og kummerlege butilhøve på arbeidsstaden i lag med fleire andre. Nokre overlever anten ved open prostitusjon eller ved å bu hos nokon som forventar seksuelle møytingar. Andre igjen er rett og slett heimlause – dei held seg ute mesteparten av tida, eventuelt hos kjenningar i periodar. Mange av dei har panting av flasker som primær næringsveg.

Alle desse menneska lever i ekstrem uvisse, og alt for mange av dei i stor sosial naud. Kirkens Bymisjon og Raudekrossen skipa i 2009 eit helsecenter i Oslo for å hjelpe papirlause sidan dei ikkje har krav på vanlege helsetenester. Desse organisasjonane erfarer at svært mange av dei papirlause har fysiske og psykiske helseproblem som både er varige og alvorlege. Ikkje minst er den psykiske slitasjen enorm. Helsecenteret har rapportert om at mange papirlause innvandrarar lid av posttraumatiske stress på grunn av krigsopplevelingar, valdtekts, rasistisk motivert vald på reisa til Noreg og suicidalitet.

Borna

Ei spesielt sårbar gruppe er dei papirlause borna. Stadig fleire born veks opp i Noreg som papirlause. Dei kan ikkje tvangsvenderast, og for foreldra er faren ved å returnere så dramatisk at dei vel å bli verande i Noreg sjølv om livssituasjonen er vanskeleg. Borna er uskuldige – dei har ikkje valt eit slikt liv. Dei blir offer for dei vurderingane og vala som foreldra har gjort, og politikken til styremaktene. Dei står igjen utan rettar, utan sjansar og med dramatisk reduserte framtidssutsikter.

Kan eit menneske vere ulovleg?

Den norske kyrkja kan ikkje godta ei varig papirlaus underklasse i Noreg som lever tilnærma utan rettar på ubestemt tid. Spesielt alvorleg er det at denne situasjonen rammar born. Kyrkja har i mange år engasjert seg for dei papirlause. Det kristne menneskesynet inneber å legge vekt på at alle menneske har grunnleggjande rettar og likeverd utan omsyn til legal status. Måten samfunnet møter papirlause innvandrarar på, er derfor ein viktig test på om vi maktar å ta det kristne menneskesynet på alvor i praksis.

Kyrkjemøtesaka "KM 6/05: Norsk asyl- og flyktningpolitikk" handla blant anna om situasjonen til dei papirlause og dei som ikkje kan sendast heim, og Kyrkjemøtet bad om at det må arbeidast meir for at desse menneska skal få grunnleggjande menneskerettar medan dei er i Noreg. Mellomkyrkjeleg råd sa det slik i februar 2008:

Mellomkirkelig råd for Den norske kirke vil i møte med de flyktninge- og asylpolitiske utfordringene holde fram det kristne menneskesynet og vektlegge alle menneskers rettigheter og likeverd uavhengig av legal status. Mellomkirkelig råd mener at grunnleggende behov og rettigheter til ureturnerbare innvandrere, som retten til helse, arbeid og verdig liv, må ivaretas bedre i norsk lovgivning. Den norske kirke er en viktig aktør i lokalsamfunnet, og Mellomkirkelig råd oppfordrer menighetene til å finne måter å møte og inkludere sårbare flyktning- og asylgrupper på i sine fellesskap.

Sidan 2008 har Mellomkyrkjeleg råd delteke i kampanjen "Ingen er ulovlige" saman med ei rekke andre organisasjonar. Krava i kampanjen går blant anna ut på at regjeringa må utarbeide reglar der det er tydeleg at det beste for borna er viktigare enn innvandringspolitiske omsyn, og at born som

har levt i Noreg i lang tid (til dømes fire år frå dei kom hit), skal få opphaldsløyve saman med familien som kom i lag med dei.

I tillegg må det krevjast at regjeringa utarbeider ein regel som sikrar at det blir sett ei grense for kor mange år menneske kan bu ulovleg i Noreg, utan omsyn til alder. Det handlar ikkje om eit generelt amnesti for irregulære innvandrarar, men om ei humanitær løysing for dei papirlause som har levt aller lengst i ein fastlåst, humanitært vanskeleg og menneskerettsleg situasjon.

Til refleksjon i kyrkjelydane:

Korleis vil din lokale kyrkjelyd følgje opp utfordringa frå Mellomkyrkjeleg råd – sjå ovanfor:

Den norske kirke er en viktig aktør i lokalsamfunnet, og Mellomkirkelig råd oppfordrer menighetene til å finne måter å møte og inkludere sårbare flyktning- og asylgrupper på i sine fellesskap.

E: MENNESKERETTAR, HIV og AIDS

Arne Backer Grønningsæter (forskar FAFO)

Heilt sidan hivepidemien starta først på 80-talet har menneskerettsspørsmåla stått høgt på dagsordenen.

Stigma

Edwin Cameron er hivpositiv og dommar i den sørafrikanske konstitusjonsdomstolen. I ei sjølvbiografisk bok om å leve med hiv fortel han om gartnaren sin som døydde av aids fordi han ikkje ville fortelje nokon om hivstatusen sin. Slike kvardagsforteljingar er det mange av rundt om i verda. Også i Noreg ser vi at nokre hivpositive blir diagnostiserte seinare enn godt er fordi det er vanskeleg å innrømme både for seg sjølv og andre at ein er smitta. Konklusjonen til Edwin Cameron er at stigma drep, og han knyter det sterkt saman med menneskerettar. Juristen Cameron er ein av frontfigurane i den internasjonale kampen mot kriminalisering av hivsmitte. Han knyter stigma tett opp til lovgiving og menneskerettar og meiner at eit ope samfunn er viktig både for å kunne drive med godt førebyggjande arbeid og for å kunne motarbeide stigma.

Forsking på levekåra til hivpositive i Noreg viser at det trass i tilgang på medisinar og medisinsk behandling framleis er store problem knytt til stigma. Dei psykososiale utfordringane frå hivepidemien ser ikkje ut til å gå tilbake i takt med medisinutviklinga.

Lovgiving

Menneskerettar handlar om internasjonale konvensjonar og internasjonal lovgiving. Det vil seie at alle menneske har sivile, politiske, sosiale og økonomiske rettar. I hiv- og aidssamanhengen er ein oppteken av den retten alle menneske har til eit verdig liv, til helsehjelp og til informasjon. Ein er òg oppteken av å forsvare dei allmenne rettane som hivpositive har, fordi stigmatiseringa kan vere med og true elementære rettar.

Ei rekke land i verda har vedteke lover som på ulike måtar kriminaliserer det å ha hiv eller det å utsetje nokon for smitterisiko. I Noreg har vi paragraf 155 i straffelova. Denne paragrafen er allmenn, men har så langt vore brukt berre overfor hivpositive. Paragrafen er svært kontroversiell. Internasjonalt har grunngivinga for å vedta slike lover ofte vore å verne utsette grupper, ikkje minst kvinner, mot smitte. I praksis fungerer desse lovene stikk motsett. Om ein ønskjer å bruke lovverket for å verne utsette grupper, er det meir effektivt å vedta lover som myndiggjer desse gruppene.

Diskriminering er ei hindring for å kunne verne seg mot smitte. Til dømes er det nødvendig at kvinner har makt over sin eigen seksualitet, det gjeld om dei er gifte eller ugifte. Det er ikkje sjølvsagt. Det same resonnementet kan brukast når det gjeld homofile og transpersonar. Korleis behandler vi grupper som er svært marginaliserte, til dømes prostituerte og deira rett til vern?

Mange land har vedteke reiserestriksjonar for personar som lever med hiv. Interesseorganisasjonane til dei hivpositive har hatt desse restriksjonane høgt på dagsordenen i mange år. Slike restriksjonar er meiningslause, dei har ingen annan funksjon enn å gjere livet vanskeleg for personar med hiv. USA har fram til nyleg hatt forbod mot innreise for hivpositive. No har styremaktene faktisk endra på restriksjonane når det gjeld visum og innreise til USA.

Fengsel er ein risikoarena både når det gjeld smitte gjennom sex og gjennom ureine sprøyter. Får innsette godt nok vern?

Internasjonalt er sjansane for å bli smitta med hiv 15 gonger større for ein bustadlaus enn for ein person som har ein stad å bu. Utsiktene til å ikkje greie å gjennomføre ei medisinsk behandling som held viruset i sjakk, aukar dramatisk dersom du er fattig eller bustadlaus. Det har å gjere med at det er vanskeleg å gjennomføre medisinregimet utan ein viss stabilitet i livet. Tilgangen på god og nok ernæring er viktig for å unngå mange biverknader av antivirale medisinar.

Kunnskap og informasjon

Ein kan òg seie at det er ein menneskerett å få kunnskap om hiv og aids og høve til å verne seg mot desse sjukdommane. I så fall handlar menneskerettane òg om retten til informasjon. Er informasjonen om hiv og aids god nok, og kjem han fram til dei som treng han?

Det er med andre ord tydeleg at kampen for menneskerettar og mot stigma er grunnleggjande i arbeidet mot hiv og aids på mange plan. På den *internasjonale aidskonferansen i Wien i juli 2010* var nettopp det ein av dei viktigaste bodskapane. Det er ein nøye samanheng mellom menneskerettane til hivpositive og utsette grupper på den eine sida og evna vår til å førebyggje, behandle og vise omsorg på den andre. Utan menneskerettar er det ikkje nok med god virologisk eller medisinsk forsking. Det har vorte meir og meir tydeleg etter som kunnskapen om sjukdom og utviklinga av medisinar har betra seg. Vi veit kva vi skal gjere, men får det ikkje til nettopp fordi stigmatiseringa er ei stor hindring.

Kyrkjø og hennar rolle

Kyrkjene har på mange måtar spela ei tvetydig rolle. På den eine sida har mange kyrkjer engasjert seg sterkt både i førebyggjande arbeid og i omsorgsarbeid for dei som er ramma. Dette engasjementet kom klart fram på generalforsamlinga til Det lutherske verds forbundet i Stuttgart i juli 2010. Hiv og aids var eit sentralt tema både i bibelstudia og på dagsordenen for møtet. Men vi kjem ikkje unna at mange kyrkjer òg har vore med og stigmatisert gjennom marginalisering av utsette grupper og vist dårleg evne til å handtere spørsmål om seksualitet. Kyrkjene kan på den måten bli både eit problem og ein ressurs i det internasjonale arbeidet med menneskerettar for hivpositive.

Hiv som menneskerettsutfordring er derfor både politisk og personleg. Hivepidemien utfordrar oss til å tenkje nytt. Vi må la oss utfordre av spørsmålet om kva vi som kyrkje og som aktive i ein kyrkjeleg samanheng kan gjere for å betre menneskerettssituasjonen for hivpositive.

Til refleksjon i kyrkjelydane:

Korleis vil din lokale kyrkjelyd ta opp utfordringa om å "betre menneskerettssituasjonen for hivpositive"?

Korleis kan arbeid med menneskerettar bli eit sentralt spørsmål i det diakonale arbeidet som kyrkja driv? – Jf. Plan for diakoni i Den norske kyrkja:

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.
--

F: GUDSTENESTEOPPLEGG

Menneskerettssøndagen 2010 / 2011

– utarbeidt etter forslaget i gudstenestereforma til
ORDNING FOR HOVUDGUDSTENESTA / TEMAGUDSTENESTE

Innleiing

Opplegget kan brukast heilt eller delvis på menneskerettssøndagen 2. søndag i advent eller i ei anna gudsteneste i samband med menneskerettsdagen 10. desember.

Bibeltekstane som det er gjort framlegg om i dette opplegget, er henta frå 2. søndag i advent 2010 i gjeldande tekstbok (1. rekkja) og frå 2. søndag i advent 2011 i forslag til ny tekstbok (1. rekkja).

Det er ikkje teke med forslag til salmar. Dei liturgiske melodiane som er sette inn, kan bytast ut med andre om ein ønskjer det.

Gudstenesta er utarbeidd som ei hovudgudsteneste/temagudsteneste etter forslaget i gudstenestereforma til ordning for hovudgudstenesta. Her står det i rubrikken for temagudsteneste: *Temaet bør setja sitt preg på heile gudstenesta: Salmeval, samlingsbøn, tekstlesingar, preike, forbøn, offerformål, eventuelle symbolhandlingar, spesielle innslag som drama, dans, musikk og anna.*

Gudstenesta legg ein opp og gjennomfører i størst mogeleg grad i samarbeid med grupper og organisasjonar som har eit særleg engasjement i høve til det aktuelle temaet.

Er det nattverd, må ein bruka ei av dei godkjende nattverdsordningane. Dersom ein skal tilpassa ordninga for nattverd ei bestemt gudsteneste, kan ein bruka "Nattverdsordning for særlege høve" og dei alternativa som ligg der.

Tekstane som er sette inn under 3. Inngangsord (veksellesing), 11. Preike (vitnemål frå ei afrikansk kvinne), 14. Syndevedkjenning (kall til vedkjenning), 15. Forbøn, 19. Avslutning på måltidet (takkebøn), og vedlegget (Menneskerettar og Bibelen) er henta frå:

Lutheran World Information (LWF), "Give us This Day our Human Rights" – liturgisk materiale utarbeidt av medarbeidarar i Det lutherske verdsforbundet til menneskerettsdagen 2008.

L = Liturg **ML = medliturg (tekstlesar, bønelesar, forsongar, nattverdsmedhjelpar osv.)**



Nattverdmåltid på LVF generalforsamling 2010. Foto: LVF

I. SAMLING

1. FØREBUING

Det kan leggjast til rette for at kyrkjerommet er ope ei stund før gudstenesta med høve til å tenna lys og sitja stille i ettertanke og bøn. Der det finst lysglobe, skal kristuslyset vera tent.

Klokkeringing

– *utan dei tre slaga til slutt.*

Her kan ein ha ein kort

Informasjon om gudstenesta i dag

ML/L kan seia litt om det som særmerkjer denne dagen.

Informasjonen blir avslutta med: "Lat oss vera stille for Gud"

eller ei anna formulering som førebur kyrkjelyden til å vera saman for Guds andlet.

Kort stille

Tre klokkeslag

2. INNGANGSSALME

Det kan vera prosesjon under preludiet/forspelet og/eller inngangssalmen.

Dersom brød og vin ikkje er settet fram på eit eige bord før gudstenesta, blir dette bore inn i prosesjonen og sett på bordet eller på alteret.

Kyrkjelyden står under prosesjonen og inngangssalmen.

3. INNGANGSORD

L: Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far og Herren Jesus Kristus.

K: **Amen.**

ML: Den som er hard med ein arming, spottar hans skapar, den som er mild mot dei fattige, ærar Gud (*Ordt 14,31*).

A: **Livsens Gud, kom og lat rettferda sigra. Lova vere ditt namn.**

ML: Han reiser dei ringe or støvet, lyftar dei fattige frå oska og sessar dei saman med stormenn, med hovdingane i sitt folk (*Sal 113,7–8*).

A: **Fredsfyrste, kom og lyft dei som ligg nede, så menneskeverdet deira får lysa.**

ML: Lat opp din munn for den som er mållaus, tal saka for dei som held på å gå til grunne. Lat opp din munn og døm rettferdig, hjelp armingar og fattigfolk til deira rett! (*Ordt 31,8–9*).

A: **Heilage Ande, kom og gje oss mot til å tala for rettane til dei fattige og naudlidande.**

4. SAMLINGSBØN

ML: Lat oss be.

A: Gud, du er midt iblant oss.

Du omgjev oss på alle sider.

Hald oss i di hand. Amen.

5. BØNEROP KYRIE

Ky - ri - e e - lei - son. Ky - ri - e e - .
Ky - ri - e.

(Hum.)

lei - son. Ky - ri - e e - lei - son. Ky - ri - e.

Ky - e, Ky - ri - e e - lei - son. Ky - e, Ky - ri - e e - lei - son.

M: Dinah Reindorf, Ghana (S97 156)

Kan syngjast tre gonger:

1. Kyrie eleison ...
2. Kriste eleison ...
3. Kyrie eleison ...

6. LOVSONG GLORIA

L/ML: Åre vere Gud i det høgste

K: og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i.

Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

II. ORDET

Kyrkjelyden sit under dei to første lesingane.

I denne gudstenesta kan ein eventuelt gjera II. Ordet kortare ved å utelata første eller andre lesinga.

7. FØRSTE LESINGA

–frå Det gamle testamentet.

L/ML: Lat oss høyra Herrens ord.

ML: "Det står skrive hos/i ..."

Mal 3,17–4,2 (2. søndag i advent 2010)

Jes 65,17–19 (2. søndag i advent 2011)

Lesinga sluttar med: "Slik lyder Herrens ord."

8. BIBELSK SALME / SALME

Ein kan syngja ein bibelsk salme, ein annan salme eller ha ei kort stille stund mellom lesingane.

9. ANDRE LESINGA

–frå Det nye testamentet utanom evangelia.

ML: "Det står skrive hos/i ..."

Rom 15,4–7 (2. søndag i advent 2010)

1. Kor 15,50–57 (2. søndag i advent 2011)

Lesinga sluttar med: "Slik lyder Herrens ord."

10. EVANGELIUM

Halleluja/Salme

Kyrkjelyden reiser seg. Evangelielesinga blir innleidd og avslutta med eit hallelujavers:

Simei Monteiro: Brazil

Baiao

$\text{D} \quad \text{G} \quad \text{D} \quad \text{C} \quad \text{D} \quad \text{C}$

$\text{D} \quad \text{1} \quad \text{D} \quad \text{2}$

A - le - lu - ia, A - le - lu - ia, A - le - lu - ia,

© 1990 Simei Monteiro, Rua do Sacramento 230, Rudge Ramos CEP 09735-460, São Bernardo do Campo SP, Brasil.

Ein kan òg ha evangelieprosesjon.

Kyrkjelyden blir ståande under lesinga.

L/ML: "Det står skrive i evangeliet etter ..."

Luk 12,35–40 (2. søndag i advent 2010)

Luk 21,27–36 (2. søndag i advent 2011)

Lesinga sluttar med: "Slik lyder det heilage evangeliet."

11. PREIKE

– *Sjå vedlegg: "Menneskerettar og Bibelen". Kan nyttast i førebuinga av preika.*

Preika kan innleiaast med eit "vitnemål" frå ei afrikansk kvinne.

Teksten kan lesast vers for vers vekselvis av to kvinner.

Salme 86 i dag: Høyr meg – kvinna frå Sentral-Afrika

- 1 Herre, vend øyra til og svar meg, den sentralafrikanske kvenna, for eg er hjelpelaus og fattig!
- 2 Vakta mitt liv, for eg er utstøytt i samfunnet. Du er min Gud; frels di dotter, som set si lit til deg.
- 3 Ver meg nådig, Herre, for heile dagen ropar eg til deg.
- 4 Gjer di dotter inderleg glad! Herre, eg lyfter mi sjel til deg.
- 5 For du er god mot alle medlemmer i samfunnet; stor er den miskunn du viser mot alle som kallar på deg.
- 6 Herre, vend øyra til mi bøn, lyd etter når eg tryglar og bed!
- 7 Den dag eg vert torturert, ropar eg til deg, for du vil bønhøyra meg.
- 8 Du er Herre og far både til menn og kvinner.
- 9 Alle kjønn som du har skapt, skal koma og bøya seg for deg, Herre.
- 10 For du er stor og har skapt menneska som mann og kvinne.
- 11 Lær samfunnet vårt om kvennerettane.
- 12 Herre, eg takkar deg av heile mitt hjarta, og eg vil vera med i utviklinga i verda.
- 13 For din truskap mot meg er stor, du har gjort meg til ein medarbeidar for menneska.
- 14 Frekke menn reiser seg mot meg, Gud, og dei respekterer ikkje kvinner.
- 15 Men du, Herre Gud, er mild og nådig både mot menn og kvinner.
- 16 Vend deg til meg og gje meg kraft frå deg til å forsvara meg sjølv og heile ordninga i ditt skaparverk.
- 17 Gjev meg eit teikn som varslar godt! Lat dei som hatar meg, sjå at du ikkje hatar meg fordi eg er kvinne. Hjelp meg til å arbeida for at kvinner blir godtekne i samfunnet vårt.

Antoinette Yindjara Beanzovi, Den sentralafrikanske republikk, i boka "Psalmen leben. Frauen aus allen Kontinenten lesen biblische Psalmen neu", Schenefeld 2007. (Salmane lever. Kvinner frå alle kontinent les bibelske salmar på nytt).

Preika kan avsluttast med lovprisinga:

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som var og er og vera skal
éin sann Gud frå æve til æve.

12. TRUVEDKJENNING Credo

Dersom det er dåp i gudstenesta, kan truvedkjenningsa utelatast her.

Eventuelt kan ein her syngja ein truvedkjenningssalme.

Kyrkjelyden står under truvedkjenningsa.

ML/L: Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

**A: Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmelen og jorda.**

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
krossfest, døydde og vart gravlagd,
før ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
før opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv.
Amen.

13. SALME

Salmen kan utelatast dersom ein syng truvedkjenninga.

III. FORBØN

14. SYNDSVEDKJENNING

Kall til vedkjenning

ML: "Så seier Herren, Allhærs Gud. Fell rettvise domar,
og ver gode og miskunnsame, kvar mot sin bror!
Far ikkje hardt fram mot enkjer og farlause, framande og armingar!
Og ingen av dykk skal i sitt hjarta tenkja ut vondt mot andre."
Men dei ville ikkje høyra; dei gjorde nakken stiv og øyro døve, så dei skulle sleppa å høyra. Hjarta
gjorde dei hardt som flint, så dei lét vera å høyra på lova og dei orda som Herren, Allhærs Gud, hadde
sendt ved sin Ande gjennom dei førre profetane. (*Sakarja 7,9–12a*).

Syndsvedkjenning

L: Lat oss ransaka oss sjølve for Guds andlet.

Kort stille

A: **Heilage Gud.**

Du har synt oss din gode vilje for livet.

**Du har gjeve oss éi jord
til bustad for alle menneske.**

Vi vedkjenner

**at vi ved våre haldningar og handlingar
skader det livet du har skapt,**

og har gjort deg imot.

Tilgjev oss vår synd.

**Gjev oss visdom og mot
til å gjera din vilje.**

15. FORBØN FOR KYRKJA OG VERDA

Bøna kan strammast inn ved at det blir lese to og to bøner saman – og sagt fram eller sunge eit kort bøneomkved mellom kvart bøneavsnitt. Ein kan òg gjera bøna kortare med å velja dei bønene som er mest aktuelle. Lag gjerne eigne bøner òg.

L: Gud, du som vil rettferd og miskunn, vi ber for kvinner og menn, born og unge som lid fordi menneskerettane blir krenkte.

ML: Vi ber for dei som er fengsla eller blir trakasserte for å tala makta imot:

A: **Gud, høyr vår bøn.**

ML: Vi ber for dei som opplever tortur etter ordre frå styremaktene, og for familiane deira:

A: **Gud, høyr vår bøn.**

ML: Vi ber for dei som opplever økonomisk utnytting og urettferd:

A: **Gud, høyr vår bøn.**

ML: Vi ber for migrantar, flyktningar og andre som ikkje veit kva som ventar dei i framtida:

A: **Gud, høyr vår bøn.**

L: Vi ber for dei som ikkje har nok å eta eller ikkje har reint drikkevatn:

A: **Gud, høyr vår bøn.**

L: Vi ber for dei som lid under vald i familie og heim, og som ikkje får koma til orde:

A: **Gud, høyr vår bøn.**

L: Vi ber for modige kvinner som vågar å seia ifrå, og for modige menn som vågar å gå nye vegar:

A: **Gud, høyr vår bøn.**

L: Vi ber for kulturelle og religiøse minoriteter og for urfolk som kjempar for å verna om identiteten sin:

A: **Gud, høyr vår bøn.**

L: Vi ber for journalistar, juristar og menneskerettsaktivistar som tek opp krenkingar av menneskerettane i det offentlege rom:

A: **Gud, høyr vår bøn.**

L: Vi ber for fagforeiningar og andre aktivistar i sivilsamfunnet som arbeider for demokratiske strukturar i stat og samfunn:

A: **Gud, høyr vår bøn.**

L: Vi ber for religiøse leiarar og truande menneske som reiser seg for dei sårbare og dei som blir haldne utanfor:

A: **Gud, høyr vår bøn.**

L: Vi ber for politiske leiarar som har makt til å setja i verk og retta seg etter menneskerettane:

A: **Gud, høyr vår bøn.**

IV. NATTVERD

16. FØREBUING AV MÅLTIDET

Salme –takkofferet frå kyrkjelyden

Takkofferet kan ein ta opp medan salmen blir sungen.

Brød og vin blir borne fram og sette på alteret dersom det ikkje vart gjort då gudstenesta starta.

Ein legg brød på disken og heller vin i kalken.

Takkofferet kan berast fram i samband med denne handlinga.

Om ein ønskjer det, kan takkofferet berast fram før brødet og vinen, og ein kan be ei eiga bøn for takkofferet.

Når førebuinga er ferdig, kan ein lesa denne bøna:

L: Velsigna er du, Gud. Di er jorda og alt som fyller henne. Av ditt eige gjev vi deg attende. Gjer alle folkeslag og tungemål til eitt i di kyrkje. Liksom kornet har vorte eitt i brødet og druene i vinen, så gjer oss til eitt med kvarandre og med Herren Jesus Kristus.

K eller L: **Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.**

17. TAKKSEIING OG BØN

Helsing

L: Lat oss lovprisa Gud.

K: Takk og ære høyrer Gud til i all æve.

Heilag (Sanctus) eller ein annan lovsong

T/M: Trad – Argentina O: Norsk tekst etter Per Harling (Sverige)

San - to, san - to, san - to. Mi co - ra - zón te_a - do - ra! Mi
Hel - lig, hel - lig, hel - lig, mitt hjer - te pri - ser Her - ren! Mitt

co - ra - zón te sa - be de - cir:
hjer - te-slag en lov - sang er:

i San - to e - res Se - ñor!
Hel - lig er du, Gud.

8

Nattverdsbøn med innstiftingsorda

L/ ML: Gode Gud, vi takkar deg for din herlegdom, som er breidd ut over himmel og jord. Gjennom vatnet i dåpen fria du oss frå mørkemaktene og gav oss del i Jesus Kristus, din Son. No bed vi deg: Send oss din Heilage Ande, så vi kan få mot til å leva og frimod til å tru.

L: Vår Herre, Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav disiplane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av han. Denne kalken er den nye pakta i mitt blod som blir aust ut for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

L: Stort er mysteriet i trua.

A: Kristus vere ære for kjærleiken, som er sterkare enn døden.

Herrens bøn*Kan lesast eller syngjast.*

A: Vår Far i himmelen!
 Lat namnet ditt helgast.
 Lat riket ditt koma.
 Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
 Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld,
 slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
 Og lat oss ikkje koma i freistung,
 men frels oss frå det vonde.
 For riket er ditt
 og makta og æra i all æve. Amen.

eller

A: Fader vår, du som er i himmelen.
 Lat namnet ditt helgast.
 Lat riket ditt koma.
 Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.
 Gjev oss i dag vårt daglege brød.
 Forlat oss vår skuld,
 som vi òg forlèt våre skuldmenn.
 Før oss ikkje ut i freistung,
 men frels oss frå det vonde.
 For riket er ditt
 og makta og æra i all æve. Amen.

18. NATTVERDSMÅLTIDET**Fredshelsing**

L: Guds fred vere med dykk.

K: **Guds fred vere med deg.***Liturgen eller ein medliturg kan deretter leggja til:*

L/LM: Lat oss helsa kvarandre med eit teikn på fred.

*Kyrkjelyden helsar kvarandre med handtrykk og kan seia Guds fred eller liknande ord.***Brødsbryting***Her kan brødet brytast.**I samband med brødsbrytinga kan ein seia:*

L: Brødet som vi bryt, gjev oss del i Kristi kropp.
 Vinen som vi drikk, gjev oss del i Kristi blod.

Du Guds Lam AGNUS DEI

Liturgen kan seia her eller etter Agnus Dei:

L: Kom, for alt er gjort ferdig.

Agnus Dei frå Palestina – Notar med pianoarr. Syng håp nr. 49

M: Yusuf Khill

Du Guds Lam, som bar verdens syn - der, du Guds Lam, mis -
kunн deg o - ver oss. Du Guds Lam, som bar verdens syn - der,
du Guds Lam, gi oss din fred, gi oss din fred, gi oss din fred.

Utdeling

Under utdelinga kan det syngjast éin eller fleire salmar, eller det kan vera korsong eller annan høveleg musikk.

Utdelingsorda lyder:

Kristi kropp gjeven for deg.

Kristi blod aust ut for deg.

Etter utdelinga seier liturgen:

L: Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus
har no gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod
som han gav til soning for alle våre synder.

K eller L: **Han styrke oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.**

L kan leggja til: Fred vere med dykk.

19. AVSLUTNING AV MÅLTIDET

Takkebøn

L: Lat oss takka og be.

A: Herre Jesus Kristus, vi takkar deg for dine velsigna gåver.

Du er svaret på vår bøn og mat for vår svolt.

Vis oss mysteriet ved ditt bord,

at det er eitt brød, éin Frelsar og éi menneskeslekt.

Kalken og disken blir dekte med kalkkledet. Kalken og disken, og også vinkanna og brødøskja, kan om ein ønsker det, setjast attende på sidebordet.

V. SENDING

20. SALME

*Kyrkjelyden står under salmen og velsigninga.
Salmen kan flyttast til Postludium/Utgangsprosesjon.*

21. VELSIGNINGA

L : Ta imot velsigninga.

L: Velsigninga frå Gud, vår skapar,
Jesus Kristus, vår frigjerar,
og Den heilage ande, vår livgjevar,
vere med dykk alle. ✺

K: Amen.

3 x 3 BØNESLAG

22. SENDING

ML/L: Sæle dei som hunrar og tørstar etter rettferda, dei skal mettast. Sæle dei som skaper fred, dei skal kallast Guds born. (Matt 5,6 og 9)
Gå i fred. Ten livsens Gud.

23. POSTLUDIUM/UTGANGSPROSESJON

*Dersom det er prosesjon ut, følgjer kyrkjelyden etter prosesjonen.
I staden for postludium kan det syngjast ein salme medan kyrkjelyden går ut.
Etter gudstenesta kan kyrkjerommet vera ope ei stund med høve til stille bøn og ettertanke.*

Vedlegg til gudstenesteopplegg: MENNESKERETTAR OG BIBELEN

David Pfrimmer

(i "Faith and Human Rights. Voices from the Lutheran Communion"; LWF Document 51).

Bibelen tek klart til orde for dei som er politisk eller økonomisk veike, og kritiserer kraftig dei som har makt og truar eller øydelegg rettane til dei sårbare. I Det gamle testamentet finn vi både åtvaringar frå profetane og konkrete lover som skal sikre dei fattige og naudlidande liv og menneskeverd.

Du skal ikkje gjera urett mot ein leigekar som er fattig og lid naud, anten det er ein landsmann eller ein innflyttar som bur i ein av byane i landet ditt. Du skal gje han løn same dagen, før sola glader, for han treng løna og stundar etter henne (5. Mos 24,14–15a).

Plikta til å arbeide for grunnleggjande politiske, sosiale og økonomiske rettar spring direkte ut av exodus-oppferingen til israelittane (utferda frå Egypt). Gud har openberra seg som frelsar og frigjerar frå trældom. Han er talerør for dei som blir haldne utanfor, og vaktar retten til dei verjelause. Det er ei sterk drivkraft til å arbeide for rettferd og menneskerettar.

Ve dei som gjev urettferdige lover og føresegner som er til ulukke!

Dei driv småkårsfolk bort frå retten og tek frå dei verjelause i mitt folk det dei har rett på. Enkjene gjer dei til sitt hærfang, og farlause plyndrar dei (Jes 10,1–2).

For å kunne sikre alle eit livsgrunnlag trengst det grunnleggjande sosiale og økonomiske standardar. Dei skal gjelde ikkje berre eigne slektningar, men alle. Dei er universelle. Søkjelyset er retta mot det eit menneske treng for å leve, utan omsyn til etnisitet.

Du skal ikkje rengja retten for innflyttarar og farlause og ikkje ta kledd å ei enkje i pant. Kom i hug at du var træl i Egypt, og at Herren din Gud fria deg ut derifrå. Difor byd eg deg å gjera dette (5. Mos 24,17–18).

Gud taler saka til dei fattige, men identifiserer seg òg med dei sårbare:

Eg var svolten, og de gav meg mat; eg var tørst, og de gav meg drikke; eg var framand, og de tok imot meg; eg var naken, og de kledde meg; eg var sjuk, og de såg til meg; eg var i fengsel, og de vitja meg... 'Sanneleg, eg seier dykk: Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.' (Matt 25,35f–40b)

Eg trur det er viktig å hugse kvifor kyrkjene pliktar å forsvare menneskerettane. Vårt grunnleggjande mål er å verne om skaparverket ut frå Jesu bodskap om at Guds rike skal kome. Regjeringar, kyrkjer og sosiale institusjonar er aldri perfekte. Synda, i alle sine variantar, skaper splitting. Derfor må vi sjå det arbeidet som kyrkjene gjer for å fremje og forsvare menneskerettane, i ein større kontekst, nemleg som ein del av forsoningstenesta.

Musimbi Kanyoro

(i "Faith and Human Rights. Voices from the Lutheran Communion"; LWF Document 51).

Herrens Ande er over meg, for han har salva meg til å forkynna ein god bodskap for fattige.

Han har sendt meg for å ropa ut at fangar skal få fridom, og at blinde skal få sjå, for å setja undertrykte fri og ropa ut eit nådeår frå Herren (Luk 4,18–19).


Sæle dei som hungrar og tørstar etter rettferda, dei skal bli metta (Matt 5,6).

I dei siste dagar skal det henda, seier Gud, at eg auser ut min Ande over alle menneske.

Sønene og døttrene dykkar skal tala profetord, dei unge skal sjå syner, og dei gamle mellom dykk skal ha draumar.

Jamvel over slavane og slavekvinnene mine vil eg ausa ut min Ande i dei dagar, og dei skal tala profetord (Apg 2,17–18).

Dette uimotståelege/tvingande vitnemålet frå Det nye testamentet oppmunstrar meg kvar dag til å tenkje på det universelle i menneskerettane. Guds ord taler med profetiske stemmer som ikkje er gjort usynlege eller uråd å høre på grunn av kjønn, alder eller nasjonalitet. Under konstant rettleiing frå Den heilage ande kallar evangeliet oss heile tida til å dømme institusjonane våre og oss sjølv. Det fører til anger, endra tankegang og forandring av strukturar fram mot å bli eit inkluderande fellesskap i Jesu Kristi kyrkje. Det er den eigentlege krossen og kjernen i saka ved å forsvare menneskerettane. Det handlar om å sikre alle menneskeverd, gi plass for ulike stemmer og ytringar til alle som er sårbare, gløymde eller på annan måte kua.



Veggmaleri over temaet "Gi oss i dag vårt daglege brød" – LVF generalforsamling 2010.

Foto: LVF / J.Latva Hakuni

G: LITURGISKE BYGGEKLOSSER

Frå gudstenestelivet på LVFs generalforsamling,
Stuttgart 2010



TEMA OG HOVUDSAK

Dei daglege gudstenestene var bygde opp over fjerde bøna i Fadervår:

1. dag: **GI** oss i dag vårt daglege brød
2. dag: Gi **OSS** i dag vårt daglege brød
3. dag: Gi oss **I DAG** vårt daglege brød
4. dag: Gi oss i dag vårt **DAGLEGE** brød
5. dag: Gi oss i dag vårt daglege **BRØD**
6. dag: Gi oss i dag – **livsens vatn og livsens brød**

Søkjelyset var retta mot dei rike *gåvene* som Gud har gitt av nåde, *menneska*, som er avhengige av Gud for å få desse gåvene, korleis folk *verkeleg lever* i ulike delar av verda, vurderinga av kva som er *nok* og *tilstrekkeleg* for å leve kvar dag, dei ulike slag "føde" (i alle livsaspekta) som Gud forsyner oss med, og – framfor alt – søkjelyset på Jesus som *livsens brød*.

Dei ulike temaa vart knytte til bibelforteljingar og mange felles utfordringar: skaparverk og berekraft, klimaspørsmål, fattigdom/rikdom, rettferd, likskap, vennskap, fred og forsoning osv.

Dag/region	Søkjelys	Bibelske personar	Symbol	Tolking
GI oss i dag vårt daglege brød (Vest-Europa/ Norden)	Guds nåde – skaparverket og jorda som ei nådens gave	Adam og Eva	jord	
Gi OSS i dag vårt daglege brød (Asia)	Faren ved rikdom, gapet mellom fattige og rike	Lasarus, far Abraham og den rike mannen (Luk 16,19–31)	ei tom skål	
Gi oss I DAG vårt daglege brød (Sentral- og Aust-Europa)	Tid – forvirring. Kvar er vi når verda endrar seg?	Peter og Kornelius (Apg 10)	Små papirstykke som vi må "fange" for å "fange" dei oppgåvne som ligg framfor oss i dag	Med Anden til hjelp kan den truande tida (chronos) bli til ei tid med lovnader og velsigning (kairos)
Gi oss i dag vårt DAGLEGE brød (Afrika)	Kva er nok? Kor mykje må til for å møte dei daglege behova?	Elias og enkja i Sarepta (1. Kong 17)	Deig som blir elta – eit symbol på det å ha nok = ha det daglege brødet	
Gi oss i dag vårt daglege BRØD (Latin-Amerika/ Karibia)	Brød – forstått som lam, salat, frukt, krydder, vennskap, rettferd, likskap, fred, forsoning, musikk, dans og mykje meir	Verten og tenaren (Luk 14,16–24). Det store gjestebodet – og vi som gjester	Fiesta: Konvolutt med invitasjon – til å danse – til å spele – til å klappe	Gud er ein som dansar med oss. Guds velsigning gjer at livet vårt blir dagleg brød for dei vi møter. Ved Guds bord skal ingen meir svelte!

Gi oss i dag – livsens vavn og livsens brød (Nord-Amerika)	Livsens vavn og livsens brød – takksemd for og stadfesting av dåpen og nattverden	Jesus og den samaritanske kvinnen (Joh 4,1– 15)	Dåpspåminning: vavn med orda "det er eit arbeid som må gjerast". Svar: "Eg vil gjere det"	Som døypte og forsona med Gud gjennom Kristus har vi eit ansvar: å arbeide for fred og rettferd
---	--	--	---	--

Her gir vi att nokre bøner og andre liturgiske tekstar. Songane er samla i eit eige avsnitt (s. 58).

Inngang/samling

L: Velkomen til gudsteneste – frå aust og vest, frå sør og nord.

A: Vi er Guds folk.

L: Gud kviskrar: Mitt folk skal vere ditt folk.

A: Frå aust og vest, sør og nord.

L: Vi lovprisar Gud, som ikkje gjer skil på folk,

A: men samlar alle menneske rundt sitt bord:

L: svoltne og overmette,
utstøytte og mektige,
desperate og sjølvskire.

A: Saman ber vi til Gud, han som famnar oss alle.

L: Saman vil vi skape ei verd der svolten er utrydda og overfloda delt.

A: Vi ber til Gud, han som er livsens brød.

L: Vi ber om at Anden opnar hjarte og hender.

A: Gi oss i dag vårt daglege brød.

Song: Gi oss, Gud, gi oss i dag ... (sjå 59)

Frå Opningsgudstenesta 20.7.2010

Inngangsbøn med rørsler

NN

1. Vi står for ditt ansikt, Gud – som ein del av den jorda du elskar.
2. Vi står for ditt ansikt, Gud – og tøyer oss mot himmelen, som du har lova oss.
3. Vi står for ditt ansikt, Gud – som søner og døtrer av himmelen og jorda.
4. Vi står for ditt ansikt, Gud – trufaste mot jorda og opne for deg.

Rørsler

1. Vi vender begge hendene ned mot jorda.
2. Vi rekkjer armane og hendene mot himmelen.
3. Begge hendene rører hjartet, den eine handa blir rekt mot himmelen, den andre mot jorda.
4. Vi vender begge hendene mot jorda (som 1). Deretter opnar vi begge handflatene, som for å ta imot.

Engelsk

1. We stand before you, God – connected to the earth, that you love.
2. We stand before you, God – reaching out for the heaven, that you promise.
3. We stand before you, God – as sons and daughters of heaven and earth.
4. We stand before you, God – faithful to this earth, and open for you.

Frå kveldsbøn LVF juli 2010

Syndsvedkjenning og stadfesting av trua

Syndsvedkjenning

L: Vi sannar syndene våre
 fordi nokre få sløser i ei verd der mange ikkje har det dei treng,
 fordi nokre få veltar seg i rikdom i ei verd med knappe ressursar,
 fordi born blir selde i desperasjon for at familien skal overleve,
 fordi millionar må forlate heimane sine for å kome unna fattigdom og vald.

Stille stund

L: Gud, ver med dei som er på veg og søker tilflukt ein annan stad.
A: Vi har kunnskap og ressursar til å mette verda, men gjer det ikkje.
 L: Tilgi oss når vi hamstrar i staden for å dele,
A: når vi heller vil ha overflod av ting enn liv i overflod,
 L: når kortsiktige behov øydelegg framtida for heile skaparverket.
 Vi er i stand til å ta imot framande,
A: men dekkjer oss bak det politiet og politikarane bestemmer.
 L: Sjølv med alle våre beste siktemål og alt heilhjarta arbeid
A: må vi sanne at vi ikkje er flinke nok til
 å lyfte opp dei falne,
 lage ordningar som sikrar rettferdig fordeling av maten,
 og tryggje freden slik at bøndene kan så og hauste.

Kyrie eleison (blir sunge)

Lovnadsord

L: Gud opnar våre hender, så vi kan begynne på nytt med eit "velkommen".
 Gud opnar vårt sinn, så vi kan begynne å leve annleis.
 Gud opnar vårt hjarte, så vi kan begynne på nytt og følgje han som er lvsens brød,
 og som her og no forandrar oss
 og leier oss mot den festen der ingen svelt,
 festen som er no og varer evig, lvsens fest.

Halleluja (blir sunge)

Frå Opningsgudstenesta 20.7.2010

Stadfesting av trua

L: Gud skaper menneskeslekta med ulike språk, kulturar og håp – men som eitt i kjærleiken.
A: Ditt folk skal vere mitt folk. Gi oss i dag vårt daglege brød.
 L: Kristus forsonar dei som er langt borte, og dei som er nær, gjennom krossen.
 Kristus mettar alle svoltne ved sitt bord.
 Kristus opnar døra for alle som bankar på.
 I Kristus er vi systrer og brør.
A: Din Gud skal vere min Gud. Gi oss i dag vårt daglege brød.
 L: Den heilage ande dreg oss inn i og let oss høyre til i eit fellesskap som heile tida blir større.
A: Ditt folk skal vere mitt folk og din Gud min Gud.
Gi oss i dag vårt daglege brød.

Frå Opningsgudstenesta 20.7.2010

KYRIE

Tid

Ein metronom står og tikkar heile tida. Fire personar (A, B, C, D) og ein liturg (L) les.

- A: Tid.
Vår tid.
- B: Det er her og no – her i (Oslo, Sirdal ...)
- C: ... i Rio.
- D: ... i Tokyo.
- A: ... i New Delhi.
- B: Sjå på uret ditt: Kva er klokka der du kjem frå?
- C: Tid.
Vår livstid.
- D: Kvar dag.
- A: Kvar time.
- B: Kvart sekund.

- L: Gud,
utan deg,
utan det du gir oss kvar dag, kvar time,
utan dagleg brød,
utan din Ande
er vi ingen ting.
Takk for at du er med oss
i dag, kvar dag.
Du er her
og stadfestar med din Ande, kjærleik og nåde
at vi er til.
Og kva med oss, Gud?
Kor ofte gløymer vi ikkje deg,
gjer feilsteg,
vel bort samvær med andre,
tenkjer lite eller inkje på å dele brødet vårt med andre?
Vi ber deg: Ver hos oss!

Kyrie eleison (blir sunge)

- A: Tårer.
- B: Mismot.
- C: Smerte.
- D: Frykt.
- A: Kor lenge skal det vare?
- B: Kvar er trøysta?
- C: For ei verd!
- D: Og kvar er vi når verda endrar seg?
- A: Kvar er eg?

Kyrie eleison (blir sunge)

- B: Klimaendringar.
 Øydemarka som breier seg.
 C: Sjuke greiner og daude tre.
 D: Sinte bølgjer.
 A: Sur luft.
 B: Døyande celler.
 C: Ei jord som roper.
 D: For ei verd!
 A: Og kvar er vi når verda endrar seg?
 B: Kvar er eg?

Kyrie eleison (blir sunge)

- C: Utan levebrød.
 D: På flukt.
 A: Så fort føtene kan bere meg.
 B: Spring fort.
 C: Svolten.
 D: Utanfor gjerdet – inne i leiren.
 A: For ei verd!
 B: Og kvar er vi når verda blir betre?
 C: Kvar er eg?

Kyrie eleison (blir sunge)

Stille stund

- L: La oss saman be:
 Alle: **Gud, vi sannar at**
vi er menneske utan fotfeste
som har gløymt din herlegdom,
som har gløymt viljen til å gjere godt.
Vi har krenkt vårt eige liv,
andre menneske,
heile skaparverket.

Stille stund

- L: For Guds ansikt ber vi:
 Alle: **Gud, tilgi oss.**
Kristus, forny oss.
Heilage Ande, la kjærleiken vekse i oss.

- L: Gud tilgir deg.
 Kristus fornyar deg.
 Den heilage ande let kjærleiken vekse i deg
 nett no, i dag og til evig tid.
 Alle: **Amen.**

TEKST og BØN

Etter forteljinga om Elia og enkja i Sarepta (1. Kong 17)

Deltakarane har fått ein liten brøddeig i ei skål eller eit lite stykke brød.

Lesing: 1. Kong 17,8–12

Då kom Herrens ord til Elia, og det lydde så: «Ta ut og gå til Sarepta, som høyrer til Sidon, og gjev deg til der! Eg har sagt frå til ei enkje som bur der, at ho skal syta for mat åt deg.»

Så tok Elia ut og gjekk til Sarepta. Då han kom til byporten, fekk han sjå ei enkje som gjekk og sanka ved. Han ropa til henne og sa: «Henta litt vatn til meg i ei skål, så eg får drikka!» Då ho gjekk og ville henta vatn, ropa han etter henne: «Ta med deg eit stykke brød til meg ògl!» Ho svara: «Så sant Herren din Gud lever: Eg eig ikkje så mykje som ein brødbit; eg har berre ein neve mjøl i krukka og eit grann olje i krusa. No fer eg her og sankar nokre vedpinnar og vil gå heim og laga mat til meg og son min. Så vil vi eta og leggja oss til å døy.»

L: Kven kan halde ut å elte brøddeig kvar dag for å sleppe unna døden, utan alternativa, med svinnande krefter og utan håp?

Kven kan, når ein ser mot sitt siste måltid, ha kraft til å elte siste deigbiten?

Kven kan sjå ned i avgrunnen og heile tida ha mot til å leve vidare?

Stille stund

Song: Do fundo / I sorg og i smerte (sjå s. 63)

L: Alle kan no ta deigen/brødstykket de har fått, ut av skåla og halde han/det i hendene. Kva om denne deigen/dette brødstykket var det siste forsvaret mot døden? Millionar av menneske lever for mindre enn ein dollar om dagen – og dør som dei første offera for katastrofar og sjukdommar. Også i denne stunda held mange sin siste brødbit, si siste skål med ris, si siste gryte med fufu⁷ i handa.

Ta deigen/brødstykket i hendene og be for dei som er på randa av døden.

Song: Do fundo / I sorg og i smerte (sjå s. 63)

Lesing: 1. Kong 17,13–14

Elia sa til henne: «Ver ikkje redd! Gå heim og gjer som du har sagt! Men bak først eit lite brød av mjølet, og kom ut til meg med det! Sidan kan du laga til noko åt deg og son din. For så seier Herren, Israels Gud: Mjølkrukka skal ikkje verta tom, og oljen skal ikkje tryta i krusa til den dagen kjem då Herren sender regn over jorda.»

L: Gud, du som er rik på lovnader,

A: **du gir oss håp når vi manglar mjøl, poteter, ris.**

L: Du let oss drøyme når vi strevar med å kome vidare.

A: **Du gir oss oppmuntrande ord når vi har mist håpet om eit heiderleg arbeid,**

L: når vi lengtar etter å få slutt på pengar under bordet og korrasjon,

A: **når vi stundar etter den friske lufta som er i fridommen.**

L: Lær oss å forstå kva som er "nok".

A: **Gi oss i dag vårt daglege brød,**

så vi lever i morgen.

Amen.

L: Litt mindre død, litt meir i live. For profeten var mjølet og oljen ikkje berre eit blafrande teikn på håp, men eit vitne om Guds lovnad.

– Med deigen/brødstykket i handa får de ein visjon frå Gud om korleis eit menneske kan gjerast litt mindre død og litt meir levande?

⁷ Fufu: tjukk ”potetstappe” laga av rotfruktene kasawa eller jam.

– Kva plikter er vi som menneske og kyrkje klar til å ta på oss for å hjelpe nokon til litt mindre død og litt meir liv?
 Elt deigen igjen / sjå på brødstykket og hører kva profeten seier: "Ver ikkje redd!"

Kyrie (blir sunge)

Lesing: 1. Kong 17,15–16

Då gjekk ho og gjorde som Elia hadde sagt, og sidan hadde dei mat i lang tid, både han og ho og folket i huset hennar. Mjølkrukka vart ikkje tom, og oljen traut ikkje i krusa. Det gjekk som Herren hadde sagt gjennom Elia.

Song: Halleluja. Amen (Frå Kamerun – sjå s. 62)

L: Det tørre landet roper ut si overflod,
A: og det blir nok til alle.
 L: Det auser ut edelsteinar, mineral og olje,
A: og det blir nok til alle.
 L: Menneske stig inn i håpsdansen,
A: og det blir nok til alle.
 L: Dei ser at borna deira blir mette,
A: og det blir nok til alle.
 L: Visdom kjem ut av munnen deira – ny eller gammal,
A: og det blir nok til alle.
 L: Dei yter motstand,
A: og det blir nok til alle.
 L: Dei gir ikkje opp,
A: og det blir nok til alle.
 L: Dei trur på lovnaden som lyder inn i æva:
A: Det kjem til å vere nok til alle!

(Deigen blir lagd tilbake i skåla / brødstykket blir ete).

Song: Halleluja. Amen (Frå Kamerun – sjå s. 62)

FORBØN

L: Gud, du baker brød så vi kan leve.
A: Gi oss brød – dagleg.
 L: Vi ber for alle som verken har nok å ete eller reint vatn å drikke.
A: Gi dei ris – dagleg.
 L: Vi ber for alle som er offer for krig og vald.
A: Gi dei mais – dagleg.
 L: Vi ber for alle som lever i slaveri på grunn av menneskehandel.
A: Gi dei håp – dagleg.
 L: Vi ber for bønder som får øydelagt grøda si av ekstrem tørke eller flaum.
A: Gi dei klokskap og visdom – dagleg.
 L: Gud, du baker brød så vi kan leve.
A: Gi oss brød, nok brød – dagleg.

Bøn til dansens Herre frå det dansande folket

- L: Systrer og brør, la oss be.
Mat blir ikkje rekna som ein menneskerett for alle.
Dei som treng mest, får ikkje brød fordi fordelinga er urettferdig.
Derfor ber vi:
Gud, styr våre steg når vi dansar rettferdsdansen.

L: Mange stader blir kvinner stadig diskriminerte av haldningar som hindrar dei i å vere kreative og å kome seg fram. Derfor ber vi:
Gud, styr våre steg i likestillingsdansen mellom kvinner og menn.

L: Arbeidsløyse tærer på sjølvrespekten, undergrev omdømmet i lokalsamfunnet og tyngjer familien.
Derfor ber vi:
Gud, styr våre steg inn i den dansen der alle er velkomne.

L: Mange ungdommar som står framfor ei yrkeskarriere, må kjempe hardt mot krefter som vil misbruke evnene deira, sjå ned på dei og hindre dei i å lukkast. Derfor ber vi:
Gud, styr våre steg inn i den dansen der unge menneske lærer oss nye steg.

L: Mange millionar menneske blir øydelagde av rusmisbruk som truar familielivet og samfunnslivet.
Derfor ber vi:
Gud, styr våre steg inn i fellesskapsdansen.

L: La oss *stilt* leggje frem for Gud dei problema vi tenkjer på eller slit med.
Gud, styr våre steg, så vi dansar livsdansen med deg.

Frå morgonqudstenesta 26.7.2010

Livsens brød og livsens vatn

- L: Jesus sa: "Eg er livsens brød. Den som kjem til meg, skal ikkje hungra, og den som trur på meg, skal aldri tørsta" (Joh 6,35).
La oss be for dei som hungrar og tørstar etter håp og eit fullverdig liv.
Levande Gud, styrk dei som ikkje har mat og reint vavn.
Gjer oss varsame og rause med dei gåvene du gir dine skapningar.

Song: Jesus Kristus, livets kilde. I din nåde, hør vår bønn. (Jesus Christ, our living water...)

The musical score consists of two staves. The first staff, labeled 'Forsanger', starts with a treble clef, a key signature of one flat, and a common time signature (3). It contains eight measures of music. The second staff, labeled 'Alle', starts with a bass clef, a key signature of one flat, and a common time signature (2). It contains five measures of music. The lyrics are written below the notes.

T + M: Scott Weidler (USA)

- L: Kjærlege Gud, gi ny kraft til alle som lid under urett og undertrykking. Brems oss i iveren etter å bruke makt, og gjer ende på all vald.

Song: Jesus Kristus, livets kilde. I din nåde, hør vår bønn.

- L: Gud, du som kan gjøre oss friske, reis opp dei sjuke. Legg dine kjærlege armar rundt dei som er svake, og la dei kjenne di omsorg gjennom andre menneske.

Song: Jesus Kristus, livets kilde. I din nåde, hør vår bønn.
L: Gud, du som kan gjøre alt nytt, gi di kyrkje ny kraft. Bygg bru over motsetningar og styrk kyrkja i hennar teneste så ho forkynner Jesus Kristus til frelse for verda.

Song: Jesus Kristus, livets kilde. I din nåde, hør vår bønn.
L: Jesus sa: "Eg er livsens brød. Den som kjem til meg, skal ikke hungra, og den som trur på meg, skal aldri tørsta" (Joh 6,35).
 Styrk oss så vi kan vere dine hender i verda
 som forsyner dei svoltne med mat og dei tørste med reint vatn.
 Livsens brød, Jesus Kristus vår Herre, ver med oss når vi går herifrå.
A: Amen.

Frå morgongudstenesta 27.7.2010

Bøn om å verda frisk

L: La oss be.
 Livsens brød, *gjer verda frisk.*
 Gi oss antibiotika så vi kan motarbeide forbruksbakterien,
 og vaksine så vi blir motstandsdyktige mot korruption og grådighet.
 Gi oss proteser så dei forpinte kan gå oppreiste,
 og oppskrift på diett til dei som ligg under for sløseri og overforbruk.
 Gi styrke til dei som er utslitne og trøyte i hjartet,
 så alle kan få nok næring til å leve og vekse i håpet.
 Livsens brød, gjer verda heil!

Song: Kyrie eleison

L: Livsens brød, *gjer kyrkja frisk.*
 Løys opp dei harde fordømmingane,
 som hindrar nytt blod i å sirkulere.
 Glatt ut dei rynka pannene, som ikke liker å misse makta.
 Reins dei tilstoppa bronkiane, som hindrar frisk og frigjerande luft i å passere.
 Mjuk opp dei forkalka blodårane, som kveler tanke og sinn.
 Reins hjartet, så det igjen kan pumpe ut til alle delar av Kristi lekam,
 så ingen lemmer blir gløymde, er utan mat eller blir hogne.
 Livsens brød, gjer kyrkja heil.

Song: Kyrie eleison

L: Livsens brød, *gjer oss friske*
 og frels oss frå ein hjerne som er underutvikla i mangel på protein,
 frå kreften som et oss innanfrå,
 frå parasittar som røvar næringssstoffa våre,
 frå høgt blodtrykk, som kveler engasjement og livsmot,
 frå aids, som drep heile samfunn,
 frå depresjon som drep sjela,
 frå mangel på kjærleik eller drepande kjærleik,
 forny oss i hjartet så vi ikke er redde for å gi.
 Livsens brød, gjer oss friske.

Song: Kyrie eleison

Frå avslutningsgudstenesta 27.7.2010

VELSIGNING/SENDING

L: *Den forsonande Gud vere med dykk, så de lever i fred med kvarandre etter Jesu Kristi vilje.*

Den rause Gud stiller dykker svolt og først etter rettferd, så de i kraft av Den heilage ande held motet opp.

Nådens Gud velsigne dykk no og til evig tid.

A: **Amen.**

Frå kveldsgudstenesta 22.7.2010

L: *Kjærleikens Gud,*
som tek oss i armane sine slik vi er,
som innbyr oss utan krav,
som dansar med oss til føtene våre blir rivne med av velsigning,
han velsigne oss med livsens brød
så livet vårt kan bli til brød for dei vi møter,
ja, for heile verda.

A: **Amen.**

Frå morgongudstenesta 26.7.2010

L: Vår allmektige Gud, Far, Son og Heilage Ande
 velsigne dykk no og til evig tid.

A: **Amen.**

Kvinne: Gå ut i verda og ten Gud med glede.
 Hald oppe motet og styrk dei motlause.
 Løn ikkje vondt med vondt, men hald fast ved det gode.

A: **Det er mykje å gjere!**

Mann: Støtt dei svake og hjelp dei som lid.
 Syn age for alle menneske. Elsk og ten Gud.

A: **Det er mykje å gjere!**

L: Gå i fred og gi den gode bodskapen vidare!
Gud vere takk og lov!

Frå morgongudstenesta 27.7.2010

L: Herren velsigne deg og vare deg.
Herren la sitt andlet lyse over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gi deg fred.

A: **Amen.**

L: Gå i fred.
Del frøet av håp,
livsens brød
og Guds kjærliek.

A: **Takk til Gud!**

Frå avslutningsgudstenesta 27.7.2010



Foto: LVF

TEMAGUDSTENESTE: Gi OSS i dag vårt daglege brød
Luk 16,19–31 – Lasarus, far Abraham, den rike mannen

Alle fekk ei tom skål eller ein tom bolle ved inngangen.

SAMLING

Musikalsk innleiing

Stille stund

Asiatiske trommer

Helsing:

- | | |
|------------------|---|
| Den rike mannen: | Send Lasarus. |
| Abraham: | Dei har Moses og profetane. |
| Den rike mannen: | Send Lasarus til heimen min. |
| Abraham: | Høyrer dei ikkje på Moses og profetane, så ... |
| Den rike mannen: | Send Lasarus, så han kan åtvare dei. |
| Abraham: | Velsigna er dei fattige, for dei skal arve jorda. |
| Liturg: | La riket ditt kome. |
| Alle: | For riket er ditt. |
| Den rike mannen: | Send Lasarus. |
| Abraham: | Dei fattige har Gud gitt gode, dei rike har han sendt tomhendte bort. |
| Liturg: | Lat viljen din råde |
| Alle: | på jorda så som i himmelen. |
| Den rike mannen: | Send Lasarus. |
| Abraham: | Ve over dei som er rike no. |
| Liturg: | Makta og æra er di. |
| Alle: | Vi ber til deg, heilage treeining,
ein Gud frå no og til evig tid. Amen. |

Song: Yeshu supriya /Jesus, kjærighetens Gud (frå India) – sjå s. 64

Kall til erkjenning

- | | |
|----------|---|
| Lasarus: | Gi oss. |
| Liturg: | Kvar dag, anten vi er klar over det eller ikkje, står det ei tom skål framfor oss.
Nokre gonger vil vi verken sjå eller høyre.
Nokre gonger blir vi så vande til den tomme skåla at vi trur det er normalt.
Nokre gonger er det så mange tomme skåler at vi blir overveldta.
Nokre gonger legg vi litt i ei skål for å roe samvitet vårt, men på same tid halde på privilegia våre.
I dag er vi innbedne til å sjå i den tomme skåla vi har fått.
Kva for tomme skåler går vi forbi i livet vårt? |

Stille stund

Kva for tomme skåler vel vi å ikkje sjå?

Stille stund

Kva for tomme skåler vel kyrkjelyden vår å ikkje sjå?

Stille stund

Kva for tomme skåler fyller kyrkja vår med billig velgjerd meir enn med rettferd som kostar noko?

Stille stund

Vedkjenning og tilgiving

Liturg: La oss be i lag.

Alle: Gud, du som er på lag med dei fattige,
vi ber deg tilgi oss for
tomme ord,
tomme lovnader,
tomme vedkjenningar som gjer at
mange, mange andre får
tomme lommer,
tomme magar,
tomme skåler.
Vis oss din nåde!

Kyrie eleison (blir sunge): Khudaya rahem kar / Miskunne deg, Herre (Syng håp nr. 13)

Den rike mannen:	Far Abraham, kjem det nokon til dei frå dei døde, då vender dei om.
Abraham:	Høyrer dei ikkje på Moses og profetane, så vil dei heller ikkje la seg overtyde om nokon står opp frå dei døde.
Den rike mannen:	Send Lasarus hit, så han kan dyppe fingertuppen i vatn og kjøle tunga mi.
Abraham:	Gå og sel det du eig, og gi det til dei fattige.
Lasarus:	Gi oss. Brød må vere for alle. Rettferd må strøyme. Gi ...
Liturg:	La oss be.
Alle:	Gud, du som fornyar hjarte og ånd, gi oss ein ekte anger som fyller tomme ord med lovnader som held, og tomt liv til liv i velsigning. Omskap oss, Gud, i din nåde!

Kyrie eleison (blir sunge): Khudaya rahem kar / Miskunne deg, Herre (Syng håp nr. 13)

Liturg:	Tårer er ikkje den gode bodskapen. Våre ord og vår vedkjenning er ikkje evangeliet. Det er Jesu Kristi nåde som omskaper oss, kallar oss til rettferd, let oss prøve på nytt og gir evig liv. Følg han.
Alle:	Amen.

Lovsong

Bøn for dagen

Liturg: Herren vere med dykk.

Alle: Og med deg.

Liturg: La oss be.
 Fattige Gud.
 Du som ikkje hevda din eigen rett, men var audmjuk
 og tok på deg ein tenars skapnad:
 Ta bort frå oss alt som skil oss frå deg,
 så vi lever i deg og din kjærleik, i ditt liv og ditt ord,
 og for ei verd som gjerne overser deg,
 men som hungrar etter ditt brød, din lekam og ditt blod.
 Amen.

ORDET

Song: Halleluja

Evangelielesing: Luk 16,19–31

Liturg: Dette er ord til liv og lækjedom.
 Alle: Gud vere lova.

Salme:

Preike

Forbøn

L: Under forbøna kan de halde opp skåla.
 A: Gud, gi oss eit nytt håp
 om at rettferda er sterkare enn korrupsjonen,
 at godeleiken skal vinne over grådigheita,
 og kjærleiken over redsla.

Bønesvar: Gi oss, Gud, gi oss i dag ... (1. del – sjå s. 59)

B: Gud, gi oss eit ope sinn så vi med opne armar
 omfamnar dei som er haldne utanfor,
 vernar om dei misbrukte,
 helsar velkommen den som ingen vil vite av,
 når ut til dei oversedde, dei gløymde og dei forakta.

Bønesvar: Gi oss, Gud, gi oss i dag ... (1. del – sjå s. 59)

C: Gud, gi oss eit nytt og omskapt sinn,
 så vi ber ærleg for dei vi ikkje forstår,
 viser medkjensle
 og skaper relasjonar som bryt ned etniske, språklege, kulturelle og
 klasseskapte barrierar.
*Kyrkjelyden/forsamlinga kan setje namn på barrierar som ein kjenner på i sitt
 eige liv.*

Bønesvar: Gi oss, Gud, gi oss i dag ... (1. del – sjå s. 59)

D: Gud, gi oss eit måltid
 der ingen er svoltne og alle blir mette,
 der ingen er uønskte og alle er elska,
 der dei sjuke får lækjemod og dei nedbrotne omsorg,
 der dei sørgjande får trøyst og dei fortapte blir attfunne.
 Det ber vi om i Jesu Kristi namn, han som er livgivar og utløysar.

Alle: **Amen.**

Bønesvar: Gi oss, Gud, gi oss i dag ... (1. del – sjå s. 59)

NATTVERD**SENDING**

L: La oss be.
 Ikkje lenger rik eller fattig,
 ikkje lenger sør eller nord,
 ikkje lenger åndeleg eller verdsleg,
 ikkje lenger tom, men fylt av din nåde,
 send oss ut som din lekam,
 som føde for alle som hunrar, ved Jesus Kristus.

A: **Amen.**

Velsigning

L: Den allmektige Gud, Faderen, Sonen og Den heilage ande velsigne deg no og
 i all æve.

A: **Amen.**

Song: Thuma mina / Herre, send meg (S 97 nr. 174)

L: Gå i fred – og gløym ikkje dei fattige!

H: ANNAN INFORMASJON

Organisasjonar som arbeider med menneskerettane, nasjonal og internasjonal diakoni:

Aмnesty International: Arbeider primært for å påverke styremaktene til å sikre sivile og politiske rettar som ytringsfridom, rettstryggleik og fridom frå tortur.

Sjå www.amnesty.no

Kyrkjas Naudhjelp: Arbeider for grunnleggjande menneskerettar i land og regionar over heile verda.

Sjå www.nca.no

Kirkens Bymisjon: Arbeider i Noreg med prostituerte, rustiltak, psykisk helsevern, barne-, ungdoms- og eldretiltak o.a.

Sjå www.skbo.no

Kirkens Ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep:

Arbeider i Noreg som samtale- og møtestad og som ein kompetansestad for kyrkja.

E-post: post@kirkens-ressurssenter.no

Sjå: www.kirkens-ressurssenter.no

FIAN (Food First Information Action Network):

Arbeider for å sikre sosiale og økonomiske rettar som retten til mat og retten til å dyrke si eiga jord.

Sjå www.fian.no

Norsk misjon i øst: Arbeider spesielt for religionsfridom og for forfølgde kristne.

Sjå www.normis.no

Oslo-koalisjonen for tros- og livssynsfrihet:

Arbeider internasjonalt for trusfridom over heile verda.

Sjå www.oslocoalition.org

The Norwegian Human Rights Fund

Sjå www.nhrf.no

NOAS (Norsk Organisasjon for Asylsøkere) har som formål å hjelpe asylsøkjarar med å få den rettstryggleiken dei har krav på i Noreg. Hjelper asylsøkjarar i søknadsprosessen og engasjerer seg i flyktningpolitiske spørsmål og haldningsskapande arbeid mot rasisme og framandfrykt.

Antirasistisk senter: Ein organisasjon som arbeider for å prøve å få slutt på rasisme og diskriminering i Noreg, blant anna gjennom informasjons- og dokumentasjonsarbeid. Arbeider mellom anna for inkludering av innvandralar og rettar for dei papirlause.

Kampanjen "Ingen er ulovlige" arbeider for å styrke rettane til papirlause innvandralar.

Sjå www.folkehjelp.no/papirlos/

Det lutherske verdsforbundet

Sjå www.lutheranworld.org

Det teologiske menighetsfakultet: Har masterprogram i m.a. Religion, Society and Global Issues
Sjå www.mf.no

Den norske kyrkjas nord–sør-informasjon (KUI): Resurssenter for opplysning, kunnskapsformidling og haldningsskapande arbeid i nord–sør- og utviklingsspørsmål.
Sjå www.kui.no

VIL DU LESE MEIR?

Til den som ønskjer å lese meir, kan vi tilrå:

"Håp for verden. Kirken og menneskerettighetene" med m.a. ein artikkel om menneskeverd og menneskerettar av biskop Gunnar Stålsett: "Hva er da et menneske?"

"Menneskerettigheter og kirken", eit konfirmantopplegg til ein dobbeltide.

"Jeg var fremmed ... ", eit studie- og idéhefte om kyrkja og den framande. KUI 1998

Kan tingast hos Den norske kyrkjas nord–sør-informasjon, postboks 799 Sentrum, 0106 Oslo,
tlf.: 23 08 12 00.

"Tegn til håp". Reiser i globaliseringens tid. Atle Sommerfeldt. Verbum 2004.

"Mennesker kjemper for livet". Menneskeverd og menneskerettigheter i en globalisert verden. Kjetil Fretheim (red.). Verbum 2004.

"Det umulige nåleøyet". Fattigdom og rikdom i Norge i globalt perspektiv. Jan-Olav Henriksen og Atle Sommerfeldt (red.). Gyldendal 2005.

"Makt, rett og livsvilkår". Innføring i internasjonale og globale studier. Hans Morten Haugen.
Fagbokforlaget 2008. Har eit kapittel om utvikling og menneskerettar.

I: SONGAR

Europa

- Give, give us / Gi oss, Gud (LVF temasang 2010)
- Gib mir deine hand / Gi meg din hånd (Tyskland)

Afrika

- Neno / Hør nå, Gud innbyr og kaller (Tanzania)
- Halleluja. Amen (Kamerun)

Latinamerika

- Do fundo da angustia / I sorg og i smerte (Brasil)

Asia

- Yesu supriya / Jesus, kjærlighetens Gud (India)
- Shang di de gao yang / Agnus Dei / Du Guds lam (Kina)

Nordamerika

- Jesus Christ, our living water / Jesus Kristus, livets kilde (USA), *sjå s.48*

Videre viser vi til Syng Håp og Syng håp 2 (jan 2011), salmer i NoS og i S97

Give, give us

Gi oss, Gud

T + M: Per Harling, 2009
O: Estrid Hessellund, 2010

I

$\text{♩} = 96$

Give, give us — give us to - day, — give us to - day — our
 Gi oss, Gud, — gi oss i - dag, — gi oss i - dag — vårt

dai - ly bread. — Live, we live, — we live each
 dag - li - ge brød. — Se oss, Gud, — hør ver - dens

day, — we live each day — need - ing to be fed.
 rop, — hør ver - dens rop — i vel - stand og nød.

II

Giv - en by grace, — your grace we — share, — giv - en this place, —
 Nå - den vi får — må de - les hver dag, — jor - den er din, —

earth in our care. — Praised be your name, — your king - dom
 om - sorg vår sak. — Mak - ten er din — i e - vig -

come, — your king - dom — come, — your will be done.
 het — så ditt ri - ke kom - me, din vil - je skje.

I and II may be sung at the same time

I og II kan synges samtidig

Gi meg din hånd

(Tyskland)

T: Uwe Seidel

O: Estrid Hessellund, 2010

M: Fritz Baltruweit, 1987

The musical score consists of eight staves of music for voice and piano. The piano part includes harmonic notation with Roman numerals and bass clef. The lyrics are provided in both German and Danish, corresponding to the chords and melody.

Chords: F, B♭, C, F, Dm, C, F, C sus C, Am, Gm7, C sus C, Dm, G sus G, C, F, B♭, C, F, Dm, C, C7, F, C sus C, Dm, C, F, Dm, B♭, Gm, C, A, Dm, Gm, C, Am7, Dm, B♭, F, C sus C, Dm, C, F, F7, B♭, Gm, C, Dm, C sus C, Dm, C, F, Gm7, A7, Dm, B♭, C sus C, F.

Lyrics:

- Gi meg din hånd, pi - le - grim på vand - ring.
Gib mir dei - ne Hand, Wand - rer durch die Zei - ten,
- Gi meg din hånd, la oss de - le hand - ling.
gib mir dei - ne Hand, lass mich dich be - glei - ten.
- Gi meg din hånd, sös - ter med pi - le - grims flam - men.
Gib mir dei - ne Hand, Schwes - ter auf un - se - ren We - gen.
- Gi meg din hånd, bror, la oss hö - re sam - men.
Gib mir dei - ne Hand, Bru - der auf schma - len Ste - gen.
- Gi meg din hånd, la oss gå i det - te spor: den
Gib mir dei - ne Hand, lass uns fest zu - sam - men - steln und
- ny - e jord hvor fre - den bor, den ny - e jord hvor fre - den bor.
da - hin gehn, wo Frie - den wohnt, und da - hin gehn, wo Frie - den wohnt.
- Gi oss din hånd, vår Gud. på vår vand-ring vær oss nær,
Gib uns dei - ne Hand, mein Gott. Schüt - ze uns - re See - - len,-
- lys for oss på vei - en her, - gi oss din hånd.
da - mit wir nicht feh - - len, - gib uns dei - ne Hand.

Hør nå, Gud innbyr og kaller

Neno, neno lake Mungu (Tanzania)

T + M: trad. Tanzania

Eng: Austin C. Lovelace

No: Estrid Hessellund, 2010

Omkved

Forsanger

Alle

Vers

Forsanger

Alle

2. Alle må få tilbud,

ingen bli glemt.

"Gå og døp og lær dem.

Gå i mitt navn."

Omkved

3. La oss lyde kallet,

vandre i tro.

Gud vil være med oss.

Lovsyng hans navn!

Omkved

Halleluja, Amen

(Kamerun)

T+M: som lært av Jonas Maina, Kamerun.

The musical score consists of three staves of music in 12/8 time, featuring a mix of treble and bass clefs. The key signature varies throughout the piece, indicated by various letter names above the staff (F, C, B♭, Gm, Dm, D, B♭, C, F). The lyrics are written below the notes, alternating between French ("Bana o vi waa - pad Al - le - lu - ia.", "Hal - le - lu - ja, a - men.", "Nous t'a - do - rons Sei - gneur A - lé - lu - ia.") and German ("Bana o vi waa - pad Al - le - lu - ia.", "Hal - le - lu - ja, a - men.", "Nous t'a - do - rons Sei - gneur A - lé - lu - ia."). The music features a variety of rhythmic patterns, including eighth and sixteenth note combinations, and includes several fermatas and grace notes.

I sorg og i smerte

(Brasil)

T+M: Simei Monteiro og
Jandit Sossmeier
O: Sindre Eide

The musical score consists of six staves of music in 4/4 time with a key signature of two sharps. The vocal parts are labeled with letters above the staff: D, Em, A, E, G, and B. The lyrics are in two languages: Norwegian and Portuguese. The Portuguese lyrics are in parentheses.

Staff 1 (D):

D: Do fun - do da _ an - gús - tia, _____
I sorg og i smer - te, _____

Em: em dor e la - men - to, _____
i angst og i av - makt -

Staff 2 (A):

A7: _____ eu cla - mo - por ti. _____
F#m jeg ro - per til deg. I

E: _____ A Når

Staff 3 (E):

D: noi - te nã o pas - sa, _____
natt kun er mør - ke, _____

Em: an - sei - o_o des - can - so, _____
er leng - se - len ster - kest -

Staff 4 (G):

A7: _____ e_a luz da ma - nhã. _____
F#m mot mor-gen og lys. _____

E: Tu vens em so - cor - ro, _____
G Du kom - mer til red - ning,

Staff 5 (B):

B: _____ es - cu to_o sus sur - ro _____
D/A du hvis - ker i øm - het: _____

D: _____ D7 _____

Staff 6 (B):

B: _____ que diz: "Vai pas - sar!" _____
Em7 "Jeg vand - rer med deg!" _____

A: _____

D: 1 D _____

G: ||2 G Gm7 D9 D

Jesus, kjærighetens Gud

Yeshu supria (India)

T+M: fra India

O: Estrid Hessellund, 2010



Ye - shu su - pri - ya.
Je - sus, kjær - lig - he - tens Gud.
Je - sus, lov - ing Lord.

Ye - shu
Je - sus,
Je - sus,



a - shra - ye.
styrk vå - re liv.
strength and stay.

Ye - shu pri - ya
I din nå - de
In your mer - cy



ta - ra - ka, sa - ha - ya ho - ma - la.
hold oss fast, og vel - sign oss natt og dag.
bless us all and keep us night and day.

Du Guds lam

(Kina)

T+M: Mabel Wu

Shang di de gao yang, ni shi chu qu shi ren zui nie de,
 Du Guds Lam, som bæ-rer ver - dens syn - der, mis - you take a - way - the sin of the world.

qiu lian min wo men. Shang di de gao yang.
 kun - ne deg o - ver oss. Du Guds Lam,
 Have mer - cy on us. O Lamb of God,

ni shi chu qu shi ren zui nie de, qiu lian min wo men.
 som bæ-rer ver - dens syn - der, mis - kun - ne deg o - ver oss.
 you take a - way - the sin of the world. Have mer - cy on us.

Shang di de gao yang, ni shi chu qu shi ren zui nie de,
 Du Guds Lam, som bæ-rer ver - dens syn - der, you take a - way - the sin of the world.
 O Lamb of God, ni shi chu qu shi ren zui nie de,

qiu ci wo men ping an.
 gi oss din fred.
 Grant us your peace.